



Styre
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2024/3128
Styresak
33/25

Dokumentdato
11.04.2025
Møtedato
08.05.2025

VEDTAKSSAK: Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Rapport om revisjon av politikk og reglement for immaterielle rettar](#)
- [Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen](#)
- [Rettighetspolitikk ved Universitetet i Bergen, 2009](#)

Saka gjeld

UiB sitt *Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen* er 15 år gammalt, og treng ei tilpassing til nyare utvikling på kommersialiseringsfeltet. I februar 2024 blei difor ei arbeidsgruppe oppnemnd for å revidere delar av politikken. Gruppa leverte *Rapport om revisjon av politikk og reglement for immaterielle rettar ved UiB* i oktober 2024.

I denne saka får universitetsstyret til handsaming ein revidert politikk som byggjer på arbeidsgruppas rapport og høyringsinnspel. Den nye politikken styrkar insentiva forskarane og fagmiljøa har for å drive med innovasjon, og klargjer viktige punkt i arbeidet med å skape samfunnsnytte av forskninga.

Universitetets nye politikk for immaterielle rettar inneheld desse hovudpunkta:

- UiB skal vere ein framifrå arena for forskingsbasert kunnskapsoverføring, og bidra til eit betre samfunn gjennom innovasjon på ulike felt.
- Politikken klargjer at han gjeld alle arbeidsresultat, men som før med unntak for vitskaplege publikasjonar, lærebøker, undervisningsmateriell og liknande.
- Politikken gir ekstra insentiv til å drive med innovasjon for oppfinnarar og fagmiljø gjennom ein revidert fordelingsnøkkel av inntektene.
- Politikken gir klare retningslinjer for prosjekt som blir terminerte utan å bli kommersialiserte.

Forslag til vedtak

1. Universitetsstyret vedtek ny politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen.

2. Universitetsstyret gir universitetsdirektøren i oppdrag å utforme nytt reglement for immaterielle rettar ved Universitetet i Bergen, bygd på den vedtekne politikken.
3. Styret tilrår at det blir utarbeidd ein rettleiar for kommersialisering ved Universitetet i Bergen.

Tore Tungodden
universitetsdirektør

30.04.2025 Dag Hellesund/Eivind W. Heitmann/Katrine Utaaker Segadal/Alette Gilhus Mykkeltvet (avd.dir)

Saksframstilling

Styre
Universitetsstyret

Styresak
33/25

Møtedato
08.05.2025

Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

Bakgrunn

Rettigheitspolitikken til UiB blei vedtatt i 2009, og Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forskings- og arbeidsresultat kom i 2010. Etter den tid har det skjedd store endringar i UH-sektoren, som verkar inn på handteringa av dei immaterielle rettane.

Det blei difor sett ned ei arbeidsgruppe i 2024 for å gå gjennom både politikk og reglement knytt til mellom anna kommersialisering, inntektsfordeling, samarbeid med andre institusjonar, studentinnovasjon og open vitskap og innovasjon.

Arbeidsgruppa levererte i oktober 2024 *Rapport om revisjon av politikk og reglementet for immaterielle rettar ved UiB*. Rapporten foreslår ein del endringar i politikken til UiB, mellom anna ved å gi sterkare insentiv for kommersialisering av forskingsresultat. Arbeidsgruppa har gått inn for ei godtgjering av tilsette i tre trinn, ved at oppfinnar, fagmiljø og institusjon får ulik godtgjering, avhengig av kor store inntektene er frå dei immaterielle rettane.

Etter innspel frå fakulteta i høyringsrunden er forskingsmiljøa i større grad tilgodesett enn i forslaget frå arbeidsgruppa. Sistnemnde gjekk inn for at oppfinnaren skulle få alle inntektene opp til éin million kroner, men etter innspel er dette i politikken justert til at oppfinnaren og instituttet deler inntektene opp til éin million kroner. For inntekter over éin million gjeld tredelingsmodellen.

Dersom arbeidsgivar ikkje ønskjer å prøve, eller ikkje lukkast med å kommersialisere eit arbeidsresultat, hadde UiB tidlegare som politikk å likevel behalde rett til 1/3 av nettoinntektene frå salet av dei immaterielle rettane. I tråd med tilrådingane frå arbeidsgruppa vil UiB i den nye politikken ikkje krevje nokon del av inntektene frå eit arbeidsresultat i slike tilfelle. Bakgrunnen for dette er at det kan gi meir samfunnsnytte og innovasjon frå forskinga ved at arbeidsresultata likevel blir tekne i bruk. I mange høve vil det òg kunne vere urimeleg å krevje del av eventuelle inntekter etter at eit profesjonelt apparat av forretningsutviklarar ikkje har lukkast med å kommersialisere prosjektet.

Studentane eig i utgangspunktet sine egne immaterielle rettar. Den nye politikken tydeleggjer at når studentar deltek i eksternfinansierte prosjekt eller får vesentleg hjelp frå tilsette må dette regulerast i avtale. Dette skal òg sikre at studentar får like gode rettar som tilsette der dei deltek i kommersialiseringsprosjekt.

Open innovasjon skjer gjennom samarbeid mellom ulike aktørar, til dømes forskingsinstitusjonar og næringsliv. Både EU, NFR og UiB har ein politikk for open vitskap, som òg inkluderer open innovasjon. Eit overordna omsyn her er kva som gir mest samfunnsnytte, enten det er sikring av immaterielle rettar, eller ein meir open innovasjonsprosess.

Oppfølging

Basert på universitetsstyrets tilslutning til den reviderte politikken vil universitetsdirektøren utforme eit nytt reglement.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

Å bidra med kunnskap som formar samfunnet er UiBs ambisjon og strategi. Ved å bruke forskingsresultat til å skape samfunnsnytte gjennom innovasjon kan universitetet på ein god måte fylle sin del av samfunnsoppdraget, og bidra til grøn omstilling.

Den nye politikken gir sterkare insentiv til forskarar og fagmiljø. Han klargjer punkt i kommersialiseringsarbeidet, noko som gir førehandsvisse for aktørane. Det gjer det lettare for næringsliv og andre å samarbeide med universitetet om å skape resultat.

20.04.2025/ Dag Hellesund/Eivind W. Heitmann/Katrine Utaaker Segadal/Alette Gilhus Mykkeltvet (avd.dir)

Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

Innhald

Tilvising til bakgrunnsdokument.....	1
Saka gjeld	1
Forslag til vedtak.....	1
Saksframstilling.....	3
Bakgrunn.....	3
Oppfølging	4
Universitetsdirektøren sine kommentarar	4
1. Mål for politikken for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen	5
2. Rettslege rammer	6
3. Omfanget av politikken for immaterielle rettar	7
3.1 Kven er omfatta?	7
3.2 Kva er omfatta?	7
3.3 Meldeplikt for arbeidsresultat.....	7
3.4 Særskild om samarbeid med andre verksemder	7
4. Ulike former for kommersialisering.....	7
5. Inntektsfordeling ved kommersialisering	8
5.1 Fordeling mellom oppfinnar, fagmiljø og UiB som institusjon	8
5.2 Fordeling mellom institusjonar.....	8
6. Handtering av terminering	9
7. Innovasjon for studentar	9
8. Open innovasjon og akademisk fridom	10

1. Mål for politikken for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

UiB har som del av strategien å overføre kunnskap og ny bruk av forskning til samfunnet gjennom nye teknologiske løysingar, tenesteinnovasjon og sosial innovasjon. Kommersialisering av forskingsresultat er ein viktig måte å nå dette målet på.

Politikken har som mål å ivareta rettane til UiB og dei tilsette, og gi våre fagmiljø og tilsette insentiv til å aktivt bidra til at forskning og kunnskap dei utviklar, tas i bruk gjennom innovasjon og kommersialisering der dette er hensiktsmessig. Dette krev klart definerte roller og ansvar både internt og i forhold til våre samarbeidspartnarar. I fagmiljøa er rolla til instituttleiar særleg viktig. Innovasjonsarbeidet må vere transparent, og gi førehandsvisse for tilsette og andre aktørar.

UiB ønskjer å skape ein god innovasjonskultur, som vektlegg både samfunnsnytte og kommersialisering, ved å gjere resultata av forskinga tilgjengelege for samfunnet. Ein god innovasjonskultur får ein ved å kombinere kompetanse, ferdigheiter, haldningar og verdiar, slik at fagmiljø får fram «noko nytt og nyttig som blir nyttiggjort».¹

Denne politikken gjeld eigarskap og korleis immaterielle rettar skal forvaltast av UiB. Forskingsresultat representerer store immaterielle verdiar som kan utnyttast i kommersiell verdiskaping og til gode for samfunnet. Forvaltning av immaterielle rettar må derfor skje på ein heilskapleg måte, kor ulike omsyn blir vurdert og veid mot kvarandre. Det er eit mål for politikken at andre verksemder skal sjå på UiB som ein attraktiv samarbeidspartner. UiB legg og til rette for open innovasjon der dette gir mest nytte til samfunnet.

2. Rettslege rammer

Innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid, er ei av dei lovpålagde oppgåvene til eit universitet.

Ei rekkje rettskilder set rammene for immaterialrettspolitikken til UiB. Blant desse er:

- [Universitets- og høgskoleloven](#)
- [Arbeidstakeroppfinningsloven](#)
- [Åndsverkloven](#)
- [Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer](#) (F-07-13)
- [Retningslinjer for registrering av ansattes sidegjøremål og offentliggjøring av disse](#)
- Reglene om statsstøtte i EØS-avtalen del IV, kapittel 2
- Relevante reglement ved UiB, slik som [Politikk for åpen vitenskap ved Universitetet i Bergen](#)
- Avtaler inngått med tredjepartar, slik som finansieringskjelder for forskning
- Ulovfesta rett, til dømes reglar om lojalitetsplikt i kontraktsforhold og overgang av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgivar

Immaterielle rettar er av ikkje-materiell karakter, ofte i form av ein einerett til å utnytte verdien. Ein kan skilje mellom industrielle rettar som patent-, design- og merkevarerett, samt knowhow og forretningshemmelegheiter, og opphavsrettar til åndsverk som tekstar, foredrag, film, musikk, kart, bilete, datamaskinprogram og anna.

Utgangspunktet for mange immaterielle rettar er at den personen som skapar verdien òg har retten til å nytte denne. Men for personar som er tilsette har arbeidsgivar rett til å få resultatet av arbeidet overført til

¹ Meld. St. 30 (2019–2020) kap. 3.1.1 og note 4.

seg. Det generelle synspunktet for opphavsrett er formulert slik at arbeidsgivar «*vinner den rett over åndsverket som nødvendig og rimelig, hvis arbeidsavtalen skal nå sitt formål, men heller ikke mer*».²

3. Omfanget av politikken for immaterielle rettar

3.1 Kven er omfatta?

Alle tilsette ved Universitetet i Bergen er omfatta av denne politikken.

Studentar eig sine egne arbeidsresultat og er i utgangspunktet ikkje omfatta, sjå kapittel 7.

3.2 Kva er omfatta?

UiB krev i utgangspunktet overgang av retten til alle arbeidsresultat som har eit kommersielt potensial, men med unntak for forskingsartiklar, faglitterære framstillingar, andre litterære og kunstnariske verk, og dei fleste former for undervisnings- og formidlingsmateriale. Sjølv om arbeidsgivar kan krevje rettane til dei tilsette sine arbeidsresultat, må dei tilsette sikrast gode insentiv til å vere med på å vidareutvikle idear basert på dei immaterielle rettane.

3.3 Meldeplikt for arbeidsresultat

Tilsette har plikt til å varsle arbeidsgivar skriftleg om arbeidsresultat som kan nyttast kommersielt. Dette skal gjerast med ei melding om oppfinning (Disclosure of Invention, DOFI) til VIS – Vestlandets innovasjonsselskap. VIS er UiBs teknologioverføringskontor, og opptre på vegne av UiB i kommersialiseringsprosessar.

Når eit arbeidsresultat blir meldt inn for mogleg kommersialisering skal instituttleiari informerast.

3.4 Særskild om samarbeid med andre verksemder

Dersom universitetet inngår avtaler med tredjepartar om forskningssamarbeid eller -finansiering, slik som bidrags- og oppdragsverksemd, vil fordelinga av rettar ofte vere avtalt særskild. I slike tilfelle må tilsette og studentar respektere fordelinga som følgjer av desse avtalene.

Slikt samarbeid skal avtalast skriftleg og oppfylle offentlege krav, slik som universitets- og høyskolelovens forbod mot varig hemmelegghald av forskingsresultat, innsyn etter offentleglova, forbod mot statsstøtte, og Reglement om statlige universiteters og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer (rundskriv F-07-13).

UiB kan ikkje direkte eller indirekte subsidiere aktivitetar ved samarbeidande verksemder.

4. Ulike former for kommersialisering

Kommersialisering av immaterielle verdiar produsert ved Universitetet i Bergen skal i utgangspunktet skje gjennom lisensavtaler. Kommersialiseringa kan òg skje ved sal av verdiane, ved at eit selskap blir oppretta, eller på andre måtar. Val av modell med tilhøyrande prisfastsetjing og økonomiske vilkår skal skje i dialog mellom teknologioverføringskontor, idéhavar og instituttleiari. I val av modell og avtalepartner skal teknologioverføringskontoret sørge for at avtalane er i samsvar med UiB sitt samfunnsansvar om

² Ragnar Knoph, Åndsretten, 1936 s 84.

berekraftig utvikling, og følgjer UiB sine etiske retningslinjer for tilsette. Vidare bør avtalene innehalde krav om aktiv utnytting av dei immaterielle rettane for å oppnå breiast mogleg bruk av forskingsresultat.

Kommersialisering skal vere basert på ei verdsetjing til marknadsvilkår.

5. Inntektsfordeling ved kommersialisering

Ein rettviss og transparent deling av inntekter frå kommersialisering er eit verkemiddel for at UiB skal lukkast med innovasjon og verdiskaping. Inntektsfordelinga skal stimulere både tilsette og fagmiljø til innovasjon, og gi inntekter som bidreg til meir innovasjonsaktivitet.

5.1 Fordeling mellom oppfinnar, fagmiljø og UiB som institusjon

Utgangspunktet for deling av inntekter er at desse skal delast mellom oppfinnarar, fagmiljø og institusjon. Fagmiljø kan vere fakultet, institutt eller aktuell forskingsgruppe. Viktige perspektiv her er at forskingsresultat og avleide innovative idéar blir skapt i ein kontekst kor ressursar i form av infrastruktur og personar utover dei som har oppfinnarandelar, bidrar. Ei vellukka kommersialisering viser innovasjonskraft og -potensiale. Fordelinga til forskingsmiljøet skal gi både ressursar og vidare motivasjon til å utløyse dette større potensialet. Det er opp til fakultet eller institutt å avgjere korleis inntektene skal fordelast til fagmiljøet rundt oppfinnaren.

Utgifter til prosjektet er vanlegvis dekkja gjennom finansiering frå grunnløyving eller frå eksterne finansiørar, tenestekjøp eller ved at kjøpar av teknologien dekkjer utgifter til patentering og anna. Det er inntektene knytt til lisensiering, sal eller anna kommersiell utnytting av arbeidsresultatet, som skal fordelast. Det er altså ikkje snakk om inntektene frå sal av produkt, tenester eller anna som er basert på denne teknologien.

Kommersialiseringa skal ta utgangspunkt i marknadsverdien av arbeidsresultata.

For å stimulere tilsette og fagmiljø er det tenleg å dele inntektene frå kommersialisering inn i to trinn:

Første trinn: Inntekter opp til 1 000 000 kroner (indeksregulert) blir delt likt mellom oppfinnarar og institutt. Instituttet avgjer korleis midla skal brukast for å fremje vidare innovasjonsarbeid

Andre trinn: Inntekter over 1 000 000 kroner (indeksregulert) følger tredelingsmodellen med 1/3 til oppfinnarane, 1/3 til fakultet og 1/3 til UiB. Fakultetet avgjer korleis midla skal brukast for å fremje vidare innovasjonsarbeid.

I tilfelle der ein ikkje kan dele inn i to trinn, til dømes dersom verdien av inntektene er usikker, må inntektsfordelinga ta utgangspunkt i tredelingsmodellen.

5.2 Fordeling mellom institusjonar

Når forskingsresultat blir skapt i samarbeid mellom fleire einingar ved UiB eller med andre institusjonar, skal eigarskap og inntekter fordelast basert på oppfinnarandelar. Dersom forskarar frå ulike institutt eller fakultet ved UiB bidreg til eit resultat, skal deling mellom einingane reflektere oppfinnarandelane som er oppgitt i DOFI (Disclosure of Invention). Justeringar kan gjerast basert på vidare arbeidsinnsats etter innmelding av DOFI.

UiB bør til ein kvar tid ha rammeavtalar med helseføretak og forskingsinstitutt som regelmessig opptre som hovud- eller sidearbeidsgivarar. Desse avtalane kan leggje til rette for langsiktig og resultatorientert samarbeid, til dømes med ei 50/50-fordeling som standard. Rammeavtalar kan òg innehalde malar for spesifikke prosjektavtalar.

Forskarar ved UiB som har sidegjere mål hos andre arbeidsgivarar, skal saman med instituttleiar identifisere potensielle problemstillingar knytt til immaterielle rettar og ta initiativ til oppfølgingssamtaler med eksterne arbeidsgivarar for å etablere gjensidige avtalar i tråd med UiB sine prinsipp.

For Phd-kandidatar som er tilsette hos annan arbeidsgivar, må rettane til arbeidsresultat avklarast i avtale med UiB. Bidrag i form av rettleiing, kompetanse eller infrastruktur kan òg gi grunnlag for at UiB skal ha ein del av dei immaterielle rettane. Fagmiljøet skal vere involvert i utforminga av desse avtalane.

Ved oppdragsforskning vil eigeomsretten til arbeidsresultata som hovudregel overførast til oppdragsgivar. UiB skal i utgangspunktet sikre rett til å bruke resultata til forskning, undervisning og publisering. Slik rett skal gå fram av oppdragskontrakten. I bidragsfinansierte forskingsprosjekt skal eigarskap og bruksrett til resultata vere regulert i avtale mellom samarbeidspartnarane, med utgangspunkt i at kvar part eig resultata dei sjølv skaper.

6. Handtering av terminering

Det kan vere tilfelle der UiB ikkje har høve til eller ønskjer å kommersialisere eit arbeidsresultat, heretter kalla ikkje-overtaking. I tilfelle der eit arbeidsresultat er forsøkt kommersialisert utan hell vil prosjektet bli avslutta, heretter kalla terminering. I slike tilfelle kan det likevel vere samfunnsstenleg at oppfinnaren eller andre prøver å kommersialisere arbeidsresultatet.

Når eit arbeidsresultat blir meld inn for mogleg kommersialisering skal teknologioverføringskontoret informere instituttleiar. Dette skal òg skje ved avgjerd om ikkje-overtaking og terminering, slik at fagmiljøet kan ta stilling til om dei ønskjer å vidareutvikle prosjektet for eigen kostnad. I tilfelle der fagmiljøet ikkje ønskjer å vidareutvikle prosjektet, står arbeidstakar i utgangspunktet fritt til å vederlagsfritt utnytte arbeidsresultata kommersielt sjølv eller gjennom andre. Dette gjeld så langt det ikkje er i strid med plikter eller avtaler med tredjepart, eller med arbeidstakars andre plikter mot arbeidsgivar.

UiB har i alle høve rett til å bruke arbeidsresultata til undervisnings- og forskingsformål utan vederlag. Eventuell vidarelisensiering til ikkje-kommersielle samarbeidspartnarar må avklarast ved terminering.

I tilfelle der prosjektet skal utviklast vidare av oppfinnar eller andre skal det lagast ein avtale mellom UiB og oppfinnar som klargjer føringar med omsyn til bruk av arbeidstid og ressursar frå UiB, samt rapporteringsrutinar og inntekter til UiB frå kommersialisering.

7. Innovasjon for studentar

I utgangspunktet eig studentane sine eigne arbeidsresultat, men for studentar som deltek i prosjekt der UiB pliktar å ha kontroll over arbeidsresultat, eller for aktivitetar som i vesentleg grad er initiert av eller der tilsette ved UiB har gitt avgjerande bidrag, må det inngåast eigne avtalar.

Ein avtale må avklare om prosjekt byggjer på UiBs immaterielle rettar, eller om studenten sjølv har ideen til og gjennomfører prosjektet aleine. Korleis rettleiar har eller opparbeider seg rettar til prosjektet bør spesifiserast.

For studentprosjekt som inngår i eksternfinansierte aktivitetar der UiB har inngått avtale om å ha kontroll på arbeidsresultata, trengst det ein avtale som viser kva plikter UiB har tatt på seg, og korleis desse avgrensar rettane til studenten. I alle høve skal UiB ha rett til å bruke resultat, immaterielle rettar, data og fysisk materiale til kjerneoppgåvene til universitetet.

Der studentar saman med tilsette bidreg til prosjekt som blir kommersialiserte skal dei ha like rettar som tilsette.

8. Open innovasjon og akademisk fridom

Openheit, transparens og deling av kunnskap er grunnleggande for Universitetet i Bergen. Open vitskap er viktig både for kunnskapsutvikling, for å sikre integriteten til forskinga og gjere ho meir tilgjengeleg.

I tråd med UiBs politikk for open vitskap skal universitetet òg jobbe for meir open innovasjon. For graden av open innovasjon må ein i kvart tilfelle vurdere kva som gjev størst samfunnsnytte. Omgrepet open innovasjon inneber at innovasjonen ikkje berre skjer innanfor UiB, men i samspel med ulike aktørar, til dømes andre forskingsinstitusjonar, næringsliv og forvaltning. Ofte blir kunnskapen delt fritt, slik at flest mogleg kan nytte seg av han. Men open innovasjon kan òg innehalde kommersielle forretningsmodellar.

Forskarar og undervisarar har fridom til å publisere patenterbare oppfinningar, etter først å ha varsla arbeidsgivar skriftleg om oppfinninga. Retten til å publisere gjeld ikkje dersom UiB har avtalt noko anna med tredjepartar.

Både Norges Forskningsråd og EU har sikring av retten til arbeidsresultat med i alle sine kontraktar, men ønskjer òg mest mogleg open innovasjon. EU krev på si side at ein først sikrar eigarskap til arbeidsresultat, og deretter publiserer. Sikring skal vurderast dersom det er ein rimeleg sjanse for at prosjektet kan ha ein kommersiell verdi, og det skal vurderast om det er mogleg, rimeleg og rettferdig å sikre eigarskap til arbeidsresultatet.

UiB må òg sjå til at immaterielle rettar blir sikra i opne innovasjonsprosessar, slik at dei kan komme til nytte for samfunnet. Mange oppfinningar har ein lang og dyr veg fram til ein marknad der dei kan komme til nytte. Å sikre immaterielle rettar kan vere naudsynt for å kunne finansiere ei slik kommersialisering.



Foto: Universitetsmuseet i Bergen

Rapport om revisjon av politikk og reglementet for immaterielle rettar ved UiB

2024



UNIVERSITETET I BERGEN

Samandrag

Rapporten omhandlar revisjon av politikk og reglement for immaterielle rettar ved Universitetet i Bergen (UiB). Hovudfokuset er på endringar som skal tilpasse reglementet til dagens behov for kommersialisering av forskingsresultat og open innovasjon.

Bakgrunn: UiB sitt gjeldande reglement, vedtatt i 2009, har vore lite endra sidan 2010. Endringar i universitets- og høgskulesektoren, som open innovasjon og nye kommersialiseringsmåtar, har gjort det nødvendig å revidere reglementet.

Mandat: Arbeidsgruppa fekk i oppdrag å klargjere utfordringar med gjeldande politikk og foreslå endringar for å betre handtering av immaterielle rettar, spesielt med tanke på kommersialisering.

Tilrådingar:

1. **Kommersialisering:** Innføring av klare retningslinjer for ulike kommersialiseringsmodellar som lisensiering og sal av immaterielle rettar.
2. **Inntektsfordeling:** Forslag om å bruke bruttoinntekt som basis for fordeling av inntekter, med ein trappetrinnsmodell som gir forskarar større del av inntektene frå mindre prosjekt.
3. **Eigarskap:** Klargjering av eigarskap til arbeidsresultat, spesielt i tilfelle der fleire einingar eller arbeidsgivarar er involverte.
4. **Studentar:** Avklaring av rettar der studentar er involverte i forskingsaktivitetar, med vekt på å sikre at studentar får rettmessig kompensasjon for sine bidrag.
5. **Open innovasjon:** Regelverket skal balansere omsyn til kommersiell verdi og samfunnsverdi, og respektere plikter til tredjepartar.
6. **Heilskapleg forvaltning** av immaterielle rettar: Det blir føreslått å utarbeide ein oversiktleg rettleiar med arbeidsprosessar og avgjerdspunkt, og å tydeleggjere instituttleiar sitt ansvar for heilskapleg forvaltning av forskingsresultat.

Vidare arbeid: Det blir føreslått å utvikle rammeavtalar med samarbeidspartnarar som helseføretak og NORCE, samt å sikre at master- og phd-avtalar inneheld avsnitt om immaterielle rettar.

Rapporten legg vekt på å skape eit tydeleg og forståeleg regelverk som bidreg til førehandsvisse for alle involverte partar.

Innholdsfortegnelse

Samandrag	2
1. Bakgrunn	4
1.1 Mandat	4
1.2 Utvalet si forståing av mandatet - innleiande kommentarar	5
1.3 Oppnemning	6
1.4 Prosess	6
1.5 Terminologi	7
2. Tilråding frå arbeidsgruppa	8
2.1 Ulike former for kommersialisering	8
2.2 Definisjon av ulike slags inntekter	10
2.3 Mogelege modellar for inntektsfordeling mellom forskar, forskargruppe/institutt og UiB som institusjon	11
2.4 Mogelege fordelingsnøklar der forskarar samla eller kvar for seg er tilknytt ulike forskingsgrupper, institutt, fakultet eller institusjonar	14
2.5 Handtering av terminering	17
2.6 Rammer for eigarskap der studentar er involverte i forskingsaktivitetar	18
2.7 Innovasjon i høve til UiBs politikk for open vitskap og innovasjon	21
2.8 Sikre at ny politikk og nytt reglement er tydeleg og forståeleg og bidreg til førehandsvisse	21
2.9 Forslag til revisjon av reglement	22
3. Vidare arbeid	23
4. Kjelder	23
5. Vedlegg: Utkast til revidert reglement	24

1. Bakgrunn

Rettighetspolitikken til Universitetet i Bergen blei vedtatt av Universitetsstyret i 2009, med vedtak påfølgjande år om eit konkret Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen. Dette reglementet gjeld i dag, og har vore lite endra sidan 2010. Etter at reglementet til UiB blei vedtatt har det skjedd endringar på ulike felt i universitets- og høgskulesektoren, til dømes i form av open innovasjon og nye måtar å kommersialisere forskingsresultat på, samt i måten forskning blir brukt for å fremje innovasjon og samfunnsnytte.

Dette er bakgrunnen for at UiB i februar 2024 oppnemnde ei arbeidsgruppe for delvis revisjon av rettighetspolitikken og reglementet for immaterielle rettar ved UiB.

1.1 Mandat

I brev frå forskings- og innovasjonsavdelinga ved Universitetet i Bergen av 28.2.2024 er arbeidsgruppa gitt følgjande mandat:

«Arbeidsgruppen bes klargjøre hva som er utfordringene knyttet til gjeldende rettighetspolitikk og reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved UiB.

Arbeidsgruppen bes komme med forslag til 1) revisjon av rettighetspolitikken med hensyn til kommersialisering og 2) reglementet for immaterielle rettigheter ved Universitet i Bergen innen 01.10.24.

I sitt forslag bør arbeidsgruppen:

- *Vurdere om ulike former for kommersialisering («know how», lisensiering, salg av hele patent, oppstart av bedrifter etc.) skal behandles ulikt.*
- *Gi en anvendelig definisjon av ulike typer inntekter knyttet til immaterielle rettigheter (for eksempel «nettoinntekt») i den grad dette er relevant for reglementet.*
- *Vurdere ulike nøkler for fordeling av inntekter fra IPR mellom forsker/forskergruppe, institutt og UiB.*
- *Foreslå mulige fordelingsnøkler der forskere samlet eller hver for seg har tilknytning til ulike forskningsgrupper, institutt, fakultet eller institusjoner.*
- *Foreslå hvordan terminering av kommersialiseringsprosjekt bør håndteres, også hvis forsker/forskergruppe jobber videre med idéen ved UiB.*
- *Foreslå rammer for eierskap der studenter er involverte i forskningsaktiviteter.*
- *Vurdere forslaget opp mot UiBs politikk for åpen vitenskap, herunder UiBs politikk for åpen innovasjon.*
- *Sikre at forslaget til ny politikk og nytt reglementet er tydelig og forståelig for brukerne og bidrar til å skape forutsigbarhet for ansatte, studenter og samarbeidspartnere når det gjelder UiBs håndtering av IPR.»*

1.2 Utvalet si forståing av mandatet - innleiande kommentarar

Mandatet inneheld eit todelt overordna oppdrag om (i) å klargjere utfordringar ved UiBs gjeldande politikk og reglement for handtering av dei tilsatte sine rettar til forskings- og arbeidsresultat, og (ii) å føreslå endringar i (1) UiB sin politikk med omsyn til kommersialisering og (2) reglementet for immaterielle rettar. Forslag til endringar i reglement vil følgje av forslag til endringar i UiBs politikk, som i sin tur tar utgangspunkt i utfordringar ved dagens politikk. Arbeidsgruppa har derfor lagt til grunn at avgrensinga til kommersialisering gitt i (1), gjeld heile mandatet. Denne forståinga blir styrka gjennom åtte leveransepunkt formulert i mandatet.

I 2002 fekk universitet og høyskular som oppgåve i universitet- og høyskoleoven § 2-1 å «bidra til innovasjon og verdiskaping basert på resultater fra forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid». Dette er reflektert i UiB sin strategi (2023-2030): «Vårt innovasjonsarbeid overfører kunnskap og nye anvendelser av forskning til samfunnet. UiB har sterke tradisjoner for å sette kunnskap i bruk gjennom nye teknologiske løsninger, tjenesteinnovasjon og sosial innovasjon. Studentene utgjør en kraft i innovasjonsarbeidet.» Det er naturleg for arbeidsgruppa å sjå oppdraget sitt i lys av behova for tilrettelegging som strategien identifiserer: «Arbeide for rammer og arenaer for publisering og deling som ivaretar forskernes og undervisernes behov og rettigheter. Utvikle støtte til teknologioverføring, patenter, immaterielle rettigheter og gründervirksomhet gjennom samarbeid med eksterne aktører».

NIFU-rapport 4/2022 *Organisering av teknologioverføring ved norske forskningsinstitusjoner: Mulige modeller* diskuterer organisering av teknologioverføring, inkludert TTO'ane sine roller og ulike modellar for samarbeid og arbeidsdeling mellom dei. I rapporten kjem det også fram ønske om at FoU-institusjonane «tar mer ansvar for kulturbygging internt og utvikler tydeligere retningslinjer for kommersialisering på alle nivåer i organisasjonen.» I oppfølginga har FoU-institusjonane blitt møtt med forventingar om og ressursar for i større grad å institusjonalisere arbeidet med kommersialisering av forskningsresultat. Arbeidsgruppa har ikkje gått inn i denne diskusjonen, og rapporten forhold seg nøytralt på dette punktet, m.a. ved gjennomgåande å bruke den generiske termen TTO framfor VIS.

På bakgrunn av UiB sin strategiske visjon for innovasjon, har arbeidsgruppa løyst oppdraget ut frå eit premiss om at UiB sin politikk og reglement for immaterielle rettar skal vere eit nyttig verktøy for å utvikle god innovasjonskultur ved UiB. I NIFU-rapport 4/2022 blir innovasjonskultur i fagmiljøa knytt til kompetanse og ferdigheiter om kommersialisering, samt brei aksept for at kommersialisering er ein viktig og legitim aktivitet for institusjonen. UiB nyttar ein vidare definisjon av innovasjon, kor det i tillegg til kommersialisering og verdiskapingspotensial, også blir vektlagt samfunnsnytte, dét å dekke eit behov og i kva grad innovasjonen kan gjerast tilgjengeleg for relevante brukargrupper. I tråd med dette vil arbeidsgruppa forstå *god innovasjonskultur* til å vere ein kombinasjon av kompetanse, ferdigheiter, haldningar og verdiar som set eit fagmiljø i stand til, med utgangspunkt i eigne studium og forskning, å få fram, anerkjenne og prioritere utvikling av «noko nytt og nyttig som blir nyttiggjort».¹ Arbeidsgruppa nyttar dette breiare perspektivet særleg i avveginga mellom open innovasjon og kommersialisering.

Forskningsresultat representerer store immaterielle verdiar som kan utnyttast i kommersiell verdiskaping og til gode for samfunnet, og rapporten siktar mot å skape gode rammer for dette ved

¹ «Nytt, nyttig og nyttiggjort» er ofte brukt som arbeidsdefinisjon på innovasjon, spesielt i offentlig sektor, sjå Meld. St. 30 (2019–2020) kap. 3.1.1 og note 4.

UiB. Dette skjer i eit landskap kor tilgang til og råderett over forskingsresultat og forskingsmateriale er underlagt ulike slag av regulering, til dømes i forhold til eksportkontroll, personvern og etikk, samstundes som UiB har tydelege ambisjonar for open vitskap og innovasjon. Forvalting av immaterielle rettar må derfor skje på ein heilskapleg måte, kor ulike omsyn blir vurdert og veid mot kvarandre. Gjennom å kombinere fag- og forskingskompetanse med strategisk, personal- og økonomisk ansvar, står instituttleiari i ei særstilling i forhold til å gjere slike avvegingar. Eit gjennomgåande tema i rapport og endringsforslag er derfor synleggjering av rolla og ansvaret som instituttleiari har for forvalting av immaterielle rettar.

1.3 Oppnemning

Arbeidsgruppa har vore sett saman av representantar frå ulike fakultet, og ei blanding av vitskapleg og administrativt tilsatte. Dei tre fakulteta med høgast innovasjonsaktivitet har vore representerte. I tillegg har arbeidsgruppa hatt eit medlem frå Det juridiske fakultetet med særleg kompetanse om immaterialrett. Gruppa har hatt med éin student, og éin representant for stipendiatar. Den opphavslege studentrepresentanten blei erstatta av Alexander Sæbøe Svendsen på grunn av endringar i verv i studentdemokratiet.

Samansetjing:

Professor Cecilie Bredrup (MED)

Professor Knut Børve (NT-FAK; leiar av arbeidsgruppa)

Innovasjonsrådgivar Dag Hellesund (FIA; sekretær for arbeidsgruppa)

Professor Torger Kielland (Juss)

Professor Leif Ove Larsen (SV)

Stipendiat Astrid Marie Skålvik (NT-FAK)

Student Alexander Sæbøe Svendsen (for Lars Jacob Ruland Jacobsen)

Underdirektør Kirsti Robertsen Aarøen (ØKA)

1.4 Prosess

Arbeidsgruppa har konsentrert arbeidet sitt kring dei sentrale spørsmåla i mandatet, då tida arbeidsgruppa har hatt til revisjonsarbeidet har vore avgrensa.

Heile arbeidsgruppa har hatt seks møte, kor kvart av dei har vore fokusert rundt utvalde spørsmål i mandatet. I tillegg har det vore nokre arbeidsmøte der delar av utvalet har arbeidd med særskilde oppgåver, til dømes ved å innhente informasjon frå andre institusjonar. Heile rapporten har til slutt blitt gjennomgått av arbeidsgruppa, i tillegg til kontinuerlege innspel til tekstarbeidet.

Arbeidsgruppa har flittig brukt kjelder frå reglement, retningslinjer og politikk ved andre institusjonar, særleg norske. Det er og innhenta informasjon frå mellom andre VIS – Vestlandets innovasjonsselskap, NTNU og UiO.

Sentrale forslag frå gruppa har vore presenterte for innovasjonsutvalet ved UiB, rektor, viserektor for innovasjon og universitetsdirektør, samt direktør og utvalde fagpersonar på forskings- og innovasjonsavdelinga (FIA).

1.5 Terminologi

Immaterielle rettar er eit juridisk omgrep som i vid forstand omfattar ulike typar rettar av ikkje-materiell karakter. Industrielle rettar som er omfatta av omgrepet, er patent-, design- og merkevarerett samt know-how og forretningshemmelegheiter. Opphavsretten på si side regulerer mellom anna retten til åndsverk som litterære tekstar, foredrag, musikk, ulike framføringar, men òg kart, datamaskinprogram, databasar og bilete av vitskapleg eller teknisk art.

Ein skil mellom sjølv dei immaterielle verdiane (intellectual property, IP), og immaterielle rettar (intellectual property rights, IPR), som gir høve til å utnytte dei immaterielle verdiane, til dømes gjennom retten til å reprodusere eit åndsverk, eller til å bruke ei patentert oppfinning i industriell produksjon.

Omgrepet arbeidsresultat omfattar alt som blir produsert av tilsatte ved UiB i eit arbeidstilhøve. Både immaterielle verdiar og andre resultat som kjem ut av arbeidstilhøvet. Utgangspunktet er at arbeidsgivar har rett til resultatet av arbeidsinnsatsen, sjølv om dette er noko meir nyansert for nokre rettar, slik som opphavsretten.

Immaterielle verdiar og rettar til desse

Utgangspunktet er at den fysiske personen som skaper ein immateriell verdi, også eig dei immaterielle rettane knytt til verdien, med mindre noko anna følgjer av lov, avtale, reglementet, eller annan rettskjelde. Dersom andre, til dømes universitetet som arbeidsgivar, skal ha slike rettar, må det difor skje ei overdraging av rettane. Om arbeidsgivar ikkje har rett til å overta eller vel å ikkje overta rettane frå ein tilsett, beheld den tilsatte desse.

I nokre tilfelle kan arbeidsavtalen innehalde føresegn om slik overtaking. Denne blir supplert av presumpsjonsreglar i lovgivinga, til dømes åndsverkloven § 71 om overdraging av rett til datamaskinprogram. For andre opphavsrettar vil òg arbeidsgivar i mange høve ha rett til å overta immaterielle rettar til arbeidsresultat i den grad det er naudsynt og rimeleg sett i høve til at arbeidsavtalen skal nå sitt formål. For oppfinningar skapt av arbeidstakar, gir arbeidstakeroppfinningsloven reglar om arbeidsgivar sin rett til å overta eller utnytte slike oppfinningar mot eit vederlag.

UiBs politikk og reglement for immaterielle rettar supplerer desse reglane og individuelle avtaler inngått mellom UiB og tilsatte ved universitetet. Politikken omfattar i utgangspunktet alt av resultat av den tilsatte sitt arbeid ved UiB. For einskilde arbeidsresultat, som vitskaplege publikasjonar, lærebøker og undervisningsmateriale, er UiB sine rettar likevel avgrensa.

Dei tilsatte har plikt til å gjere arbeidsgivar skriftleg merksam på arbeidsresultat som kan utnyttast kommersielt. For oppfinningar som kan patenterast, skal dette gjerast med ei melding om oppfinning (disclosure of invention, DOFI) i tråd med arbeidstakeroppfinningsloven § 5, på slik måte som arbeidsgivar legg til rette for.

I mange tilfelle har universitetet inngått avtaler med tredjepartar om finansiering av forskning eller anna samarbeid. Det kan vere i form av bidrags- eller oppdragsforskning, etablering av senter, eller i form av intensjonsavtaler. I slike tilfelle må tilsatte rette seg etter dei føringane på rettighetsfordelinga som følgjer av avtalene. Ved oppdragsforskning vil oppdragsgivar kunne ha rett til å utnytte immaterielle verdier skapt gjennom arbeidsresultata.


Der universitetet har slike rettar, skal det sikre at resultatet blir utnytta til beste for samfunnet. Dette kan vere gjennom kommersiell utnytting, eller ved å gjere det ålment tilgjengeleg, der dette er mogleg.

2. Tilråding frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har drøfta åtte spesifikke problemstillingar gitt i mandatet og, i lys av dette, blir det gitt tilrådingar av tre ulike slag:

- endring av UiB sin rettighetspolitikk (herunder revidert modell for inntektsfordeling knytt til ulike former for kommersialisering av arbeidsresultat oppnådd i ulike samanhengar av tilsatte og studentar ved UiB, og forslag til tydelegare rolle- og ansvarsfordeling)
- endring av UiB sitt reglement for immaterielle rettar (avgrensa til kommersialisering av arbeidsresultat)
- forslag om å utarbeide ein rettleiar for heilskapleg forvaltning av immaterielle rettar.

Desse tilrådingane blir gjort greie for i dei følgjande delkapitla.



Figur 1 Kommersialisering av immaterielle verdier

2.1 Ulike former for kommersialisering

Kommersialisering av immaterielle verdier skal i hovudsak skje gjennom lisensavtale eller ved sal, jf Figur 1. Val av modell med tilhøyrande prisfastsetjing og økonomiske vilkår skal skje i dialog mellom TTO, idéhavar og instituttleiari. I val av modell og avtalepartnar skal TTO sørge for at avtalane er i samsvar med UiB sitt samfunnsansvar om berekraftig utvikling og følgjer UiB sine etiske retningslinjer

for tilsatte. Vidare skal avtalene innehalde krav om aktiv utnytting av IP-rettane for å oppnå breiast mogleg bruk av forskingsresultat.


Ved lisensavtale inngår TTO avtale med ein eller fleire tredjepart(ar), kor desse blir gitt bruksrett til gjeldande immaterielle rettar mot betaling knytt til sal av produkt eller tenester der IP blir nytta. Ved sal av immaterielle rettar overdrag TTO immaterielle rettar til ein tredjepart som med det tek over retten til det immaterielle godet. For begge modellar gjeld at sal/overføring av immaterielle rettar skal vere basert på ei verdsetjing på marknadsvilkår. Tredjepart kan vere anten ei etablert bedrift eller eit oppstartsselskap.

Ved etablering av oppstartsselskap blir det som hovudregel inngått lisensavtale mellom TTO og oppstartsselskap som forvaltningsmodell av immaterielle rettar. Alternativt kan oppstartsselskapet kjøpe patentet eller anna immaterielt gode mot oppgjør i pengar, aksjar eller anna. Ved etablering av oppstartsselskap er det ei målsetjing å få kompetent og langsiktig ekstern kapital inn på eit tidleg stadium. Oppfinnar og TTO kan på eigen kostnad og risiko investere i aksjar i oppstartsselskap.

Det kan vere tilfelle kor lisensiering eller sal av IPR anten ikkje er ønskeleg eller ikkje mogeleg, men kor oppfinnar og UiB likevel ser eit langsiktig kommersielt potensiale ved vidareutvikling av oppfinninga. Dette kan i praksis skje innanfor rammer av eit oppstartsselskap kor oppfinnar blir ein aktiv deltakar i selskapet, og kor oppfinnar, fagmiljø og institusjonen (UiB) går inn på eigarsida gjennom ein avtalt aksjepost (minimum 10 % av aksjane) i selskapet, som kompensasjon for bruk av det underliggende arbeidsresultatet.

Retningslinjene for fordeling av inntekter frå immaterielle rettar (jf kap. 2.2-2.4, under) gjeld inntekter frå lisensiering eller sal av desse rettane. Dei gjeld òg dersom TTO har fått eigardel i oppstartsselskap som oppgjør for lisensavtale eller sal av immaterielle rettar. Gevinsten blir fordelt på tidspunktet for aksjesalet. I tilfelle der oppfinnar har ei aktiv rolle i oppstartsselskapet og blir kompensert for dette i form av aksjepost som ikkje blir forvalta av TTO, blir dette ikkje omfatta av retningslinjene for inntektsfordeling.

Oppsummering og konklusjon: Universitetet ønskjer at kunnskapen som blir skapt gjennom forskning og utdanning blir tatt aktivt i bruk i samfunnet. Dette kan fortrinnsvis skje gjennom lisensiering av teknologi eller andre arbeidsresultat, eventuelt sal eller annan avtale som tek kunnskapen i bruk.



Figur 2 Ulike kjelder til inntekt frå kommersialisering av innovasjon.

2.2 Definisjon av ulike slags inntekter

UiB har som ei av sine lovfesta oppgåver å medverke til innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Ved kommersialisering av innovasjonar vil verdiskapinga kome til uttrykk som inntekter, og for UiB er det viktig at fordeling av inntektene bidrar både til å motivere forskarar og forskingsgrupper til innovasjonsaktivitet, og til å dekke direkte og indirekte kostnader knytt til innovasjonsarbeid. I UH-sektoren har det vore vanleg at fordelingsmodellar tar utgangspunkt i nettoinntekter knytt til immaterielle rettar. Her er nettoinntekt formulert som bruttoinntekt fråtrekt direkte kostnader knytt til kommersialisering eller sikring av IPR (vanlegvis patentering).

Bruttoinntekt er inntektene knytt til lisensiering, sal eller anna kommersiell utnytting av teknologi, kunnskap eller andre arbeidsresultat, sjå Figur 2. Det er altså ikkje snakk om bruttoinntektene frå sal av produkt, tenester eller anna som er basert på denne teknologien. Kommersialiseringa skal ta utgangspunkt i marknadsverdien av arbeidsresultata.

Bruttoinntekter knytt til immaterielle rettar blir generert på ulike måtar alt etter modell for kommersialisering. Hovudmodellen har som nemnd i punkt 2.1 vore lisensiering av patentrettar, med sal av patentrettar som eit alternativ. Lisensavtaler kan omfatte ulike modellar for kopling mellom inntekt og aktivitet. Éin slik modell er såkalla 'Earn-out', kor størstedelen av lisensinntekta er knytt til milepeler. Inntekt kan også framkome i form av kompensasjon frå tredjepart ved krenking av rettar som blir dekkja av lisensavtala. Aksjeselskap er ei vanleg organisasjonsform ved etablering av ny næringsverksemd for å vidareutvikle ein innovasjon eller føre ein innovasjon til marknaden. Mellom anna for å oppnå reell verdisetjing, blir bruttoinntekt først definert ved realisering av aksjepost.

I UiB sine gjeldande retningslinjer er nettoinntekt gitt som bruttoinntekt minus direkte patenterings- og kommersialiseringsutgifter (styrevedtak 17.03.2003). I praksis betyr dette at UiB sin TTO-partner, VIS, får refundert kostnader til patentering før forhaldsvis fordeling av inntekter mellom partane. Tilsvarande formuleringar er brukt av UiO («dokumenterte kostnader til kommersialisering») og UiT («utgifter til ervervsmessig utnyttelse, herunder kostnader forbundet med rettighetssikring og kommersialisering»). NTNU presiserer at fråtrekket gjeld direkte kostnader opp til NOK 200.000,- per

prosjekt, som TTO eller fagmiljø kan dokumentere påløpt i kommersialiseringsprosjektet og som ikkje er dekkja av andre finansieringskjelder eller samarbeidsavtala med TTO.

Frådrag for utgifter til patentering og andre direkte kostnader har i lita grad blitt nytta av VIS, då dei fleste utgiftene av denne typen har blitt dekkja av prosjektløyvingar frå Forskringsrådet og andre, eller av UiB gjennom tenestekjøpsavtala. Berre unntaksvis har prosjekt blitt seld utan at alle utgifter har vore dekkja på førehand, og kjøpar av teknologien har i desse tilfella betalt kostnaden. Om ein går over til inntekstfordeling på basis av bruttoinntekter, vil dette difor ikkje påverke den økonomiske fordelinga mellom VIS og UiB nemneverdig, men UiB må vere budd på å dekkje nokre mindre utgifter knytt til patentering og sikring av rettar.

I kroner er skilnaden liten mellom bruttoinntekt og nettoinntekt for eit vilkårleg kommersialiseringsprosjekt. Å basere inntekstfordeling på nettoinntekter har likevel fleire uheldige sider. Dei fleste kommersialiseringsprosjekt genererer beskjedne bruttoinntekter, og det blir gjerne ingen nettoinntekt å fordele. Dette svekker eit viktig incentiv for forskarar til å prioritere innovasjonsprosjekt. Vidare medfører modellen mindre transparens gjennom at førespegla inntekter blir redusert til inndekning av direkte kostnader berre utanfor forskingsgruppa/-miljøet. På institusjonsnivå er inndekninga av patentkostnader via kommersialiseringsprosjekt beskjeden også på aggregert nivå. I praksis vil det ikkje vere motsvarande bruttoinntekter for dei fleste patentkostnader, og UiB treng andre modellar for å dekke dette, t.d. spesifisert i tenestekjøpsavtala med VIS.

Oppsummering og konklusjon: Arbeidsgruppa føreslår å bruke bruttoinntekt som basis for fordeling av inntekter knytt til immaterielle rettar. I forskingsgruppene vil dette synleggjere eit inntekspotensial knytt til kommersialisering av forskingsresultat, og slik styrke prioritering av innovasjonsprosjekt på gruppe- og instituttnivå. Like viktig er signaleffekten av at direkte kommersialiseringskostnader blir adressert på institusjonelt nivå. Kopla til ein målretta fordelingsmodell (sjå neste punkt) er dette eit viktig bidrag til å bygge ein sterkare innovasjonskultur.

2.3 Mogelege modellar for inntekstfordeling mellom forskar, forskargruppe/institutt og UiB som institusjon

Overordna sett er inntekstfordeling eit verkemiddel for at UiB skal lukkast med innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Viktige krav til ein modell for fordeling av inntekter knytt til immaterielle rettar er

- (i) å stimulere forskarar til å engasjere seg i innovasjonsprosjekt med utgangspunkt i forskingsresultat
- (ii) å gi kostnadsinndekning for forskning og innovasjonsaktivitet
- (iii) å gi generelt inntektsgrunnlag for UiB.

Utgangspunktet for den gjeldande inntekstfordelingsmodellen ved UiB er tredelingsprinsippet: Nettoinntekta frå ei kommersialisering av immaterielle rettar skal delast likt mellom oppfinnarane, forskingsmiljøet, og UiB.

Den einskilde forskar vil måtte prioritere eiga og medarbeidarar si tid og andre ressursar mellom reine forskingsprosjekt og dét å forfølge idéar til å omsetje forskingsresultat til meirverdi for samfunn og

UiB. Det er mange faktorar som skal vegast inn her, men tilsettkomponenten i inntektsfordelingsmodellen har potensiale til å gi eit tydeleg incentiv til den einskilde forskaren, samtidig som det viser at kommersialisering av forskingsresultat er ein ønska aktivitet ved UiB. Forskaren er den mest avgjerande faktoren i eit kommersialiseringsløp – utan tydeleg engasjement her blir det heller ikkje generert verdiar lengre ut i verdikjeda.

Kva som i denne samanhengen skal forståast som *forskingsmiljøet*, er noko uklart, og praksis varierer. Både institutt og den aktuelle forskingsgruppa inngår som nærliggande presiseringar av forskingsmiljøet. Viktige perspektiv her er at forskingsresultat og avleidde innovative idéar blir skapt i ein kontekst kor ressursar i form av både infrastruktur og personar utover dei som har oppfinnarandelar, bidrar. Ei vellukka kommersialisering viser innovasjonskraft og -potensiale. Fordelinga til forskingsmiljøet skal gi både ressursar og vidare motivasjon til å utløyse dette større potensialet. Dette bygger innovasjonskultur. Innovasjon skjer gjerne i samarbeid med næringslivet, til dømes i sentra for forskingsdriven innovasjon, og viktig at samarbeidet er kontraktsregulert slik at forskarane og forskingsmiljøet blir tilgodesett når dei bidreg med kunnskap og utvikling.


UiB sin andel tilfell sentralnivået og blir forvalta av VIS, i tråd med samarbeidsavtala mellom dei to. På institusjonsnivå inngår inntekter frå kommersialisering av forskingsresultat både i ressursgrunnlaget for vidare prioritering av innovasjon, og som eit konkret mål på omfang av og suksess med verdiskaping knytt til forskingsresultat. Det er likevel naudsynt å påpeike at ved UiB dominerer truleg dei indirekte inntektene frå vellukka innovasjonsverksemd, i form av synleggjering av relevans, studentrekruttering, tilslag på eksternfinansierte forskingsprosjekt osv. , over dei direkte økonomiske utteljingane.

Dei fleste forsøk på kommersialisering av forskingsresultat genererer ingen (langt det vanlegaste) eller svært beskjedne nettoinntekter. I den gjeldande fordelingsmodellen er det økonomiske incentivet nesten fråverande for forskarar å prioritere kommersialisering av eigne forskingsresultat , og det er rimeleg å tru at dette svekker det kulturbyggande arbeidet rundt innovasjon. For å motverke dette, føreslår arbeidsgruppa derfor å gi forskarane ein større del av inntektene frå kommersialiseringsprosjekt, gjennom å fokusere på bruttoinntekter (sjå eige punkt) og gjennom ein dynamisk fordelingsmodell. Bakgrunnen for modellen er at dei fleste oppfinningar som blir kommersialisert, genererer små inntekter knytt til IPR, medan det kan gå ti-år mellom dei verkeleg store økonomiske suksessane. For å få optimal incentiv-effekt er det teneleg for UiB å gi oppfinnarane det meste av IPR-inntekter så lenge desse er relativt små. Fagmiljø og UiB kan kompensere for bortfallet av inntekter i dette segmentet gjennom ein auka inntektsandel frå dei store suksessane. Dette reflekterer at UiB kan fordele risiko og hente inntekter frå IPR over eit mykje lengre tidsperspektiv enn kva einskildforskaren vil vere villig til. Sjølv om det er langt mellom dei store kommersielle suksessane avleidd frå forskingsresultat ved UiB, er både inntektsbehovet som UiB har knytt til innovasjon, og omsynet til å bygge ein samlande og sterk innovasjonskultur, i slike tilfelle tent med ein høgare institusjonsandel heller enn ein høg forskarandel.

Arbeidsgruppa føreslår ein fordelingsmodell for bruttoinntekt frå immaterielle verdiar, sjå Figur 3, med følgjande komponentar (summane som er oppgitt her, bør fortrinnsvis omreknast i høve til grunnbeløpet for folketrygda, for slik å legge til rette for indeksregulering):

- (i) Bruttoinntekter opp til 1 mnok tilfell oppfinnarane (dvs. forskarane, med vidare fordeling proporsjonalt med oppfinnarandelar).
- (ii) Av ytterlegare bruttoinntekter på opptil 9 mnok (dvs. totalt 10 mnok) gjeld tredelingsprinsippet, med 1/3 til oppfinnarane, 1/3 til det aktuelle instituttet og 1/3 til UiB.

- (iii) For ytterlegare bruttoinntekter (utover 10 mnok) får oppfinnarane tilført 1/6 av inntektene, institutt og UiB får 1/3 kvar, medan fakultetsnivå for tilført den siste sjettedelen. Det er ein forventning om at opptil halvparten av instituttandelen blir gitt vidare til det relevante forskingsgruppenivået i form av ei forskingsløyving.



Figur 3 Forslag til ny fordeling av bruttoinntekter mellom oppfinnarane, institutt/fagmiljø, fakultet og sentralnivået på UiB.

Forslaget er inspirert av tilsvarende frå NTNU:

«Ved fordeling av nettoinntekt fra lisenser skal idehaver og fagmiljø (institutt) der idehaver er ansatt tilgodeses med en større andel i starten hvor nettoinntekter opp til 500.000,- NOK fordeles 50/50 mellom oppfinner og fagmiljø. Ved nettoinntekter fra 500.001 NOK og opp til 10 MNOK fordeles dette med 1/3 til oppfinner, 1/3 til fagmiljø (institutt) og 1/3 til NTNU (institusjonsandel). Ved nettoinntekter over 10 MNOK fordeles 1/3 til oppfinner(e), 1/6 til fagmiljø (institutt), 1/6 til fagmiljø (fakultet) og den siste 1/3 til NTNU (institusjonsandel).»

Ved UiO blir det presisert at fagmiljøet kor oppfinnar/tilsatte arbeider, har rett på forskingsløyving frå instituttet sitt:

«Av de første 10 millioner NOK i netto akkumulerte inntekter, fordeles 25 % til en slik forskningsbevilgning. For inntekter ut over 10 millioner fordeles 10 % til forskningsbevilgning, inntil en samlet sum på 50 millioner NOK. Aktuelt fakultet eller grunnenhet tildeles en andel på 8 % av netto inntekter til dekning av eget innovasjonsarbeid.»

Inntektsfordelingsmodellen omhandlar bruttoinntekter frå immaterielle rettar og vil vanlegvis omfatte inntekter frå lisensiering eller sal av immaterielle rettar, og sal av aksjar i oppstartsselskap som er tildelt på bakgrunn av immaterielle rettar. I det siste tilfellet vil UiB stå som eigar for aksjar for både sentralnivå/TTO og for fagmiljøet. Oppstartsfirma kan gjerne gi inntekter utover dette, basert på avkastning på investert kapital (dersom UiB/VIS skyt inn kapital ved oppretting av selskapet må fordeling mellom fagmiljø og UiB bli justert) eller arbeid utført for eller i selskapet (t.d. dersom oppfinnar får ein styrande eller utførande funksjon i selskapet).

Ved UiT/Norinova er det tatt høgde for tilsvarende forhold gjennom formuleringa

«Det kan i enkelte tilfeller inngås avtale om en annen fordeling av inntekter, for når TTO er medeier i et selskap som etableres på bakgrunn av arbeidsresultatet eller i tilfeller der en rettighet overdras til et annet rettssubjekt og den arbeidstakeren får utbetalt en avtalt kompensasjon på andre måter.»

Tilsvarende ved UiO:

«Ved eventuell bedriftsetablering basert på teknologien i et kommersialiseringsprosjekt forhandles prisen på teknologien i aksjer og avveies mot annen investering i selskapet, Inven2 AS' innsats (her vil aksjer erstatte overhead), kommersialiseringsselskapenes innsats, gründers innsats etter oppfinnelsen, osv. Inven2 AS forhandler med oppfinnerne på vegne av UiO. Aksjefordelingen bestemmes av prising av de ulike elementene i forhandlingene. Aksjene som er betaling for overføring av selve oppfinnelsen/teknologien skal fordeles etter samme prinsipp som kontanter i særskilt avtale for det enkelte prosjekt. Forskeren/den ansatte får aksjene transportert til seg direkte, mens Inven2 AS forvalter UiOs aksjer fram til exit, hvorpå grunnenhet får utdelt sine inntekter.»

Ved NTNU:

«Ved aksjesalg hvor TTO har fått en nærmere spesifisert eierandel i oppstartsselskaper basert på en markedsmessig verdsettelse av salg/overføring av IPR til selskapet, skal gevinst på aksjesalg fordeles etter samme modell som for lisensinntekter beskrevet ovenfor. I slike tilfeller vil kompensasjon til oppfinner, NTNUs fagmiljø og NTNUs institusjonsandel skje på tidspunkt for salg av aksjeandelene i oppstartsselskapet.»

Ved etablering av selskap eller andre former for kommersiell utnytting der bruttoinntekta ikkje er kjend ved fordeling av aksjer, vil det ikkje vere mogeleg å fordele bruttoinntektene ut frå ein modell med ulik fordeling basert på kor stor inntekta blir. Dette kan til dømes gjelde i tilfella der oppfinnar/ar har fått sin del ut i form av aksjar i eit oppstartsselskap. I slike tilfelle må ein særleg avtale gjerast, med utgangspunkt i ein tredelingsmodell mellom oppfinnar, fagmiljø og institusjon. I tilfelle der TTO forvaltar heile eigarskap kan fordelinga skje etter trappetrinnsmodellen over. I tilfelle der oppfinnar har ei aktiv rolle i oppstartsselskapet og blir kompensert for dette i form av aksjepost som ikkje blir forvalta av TTO, blir dette ikkje omfatta av retningslinjene for inntektsfordeling.

Oppsummering og konklusjon: Arbeidsgruppa går inn for ei fordeling av inntektene frå kommersialiseringsprosjekt basert på ein trappetrinnsmodell, der oppfinnarane får fordelt bruttoinntektene opp til 1 MNOK. Frå 1 til 10 MNOK blir bruttoinntektene fordelte med 1/3 til oppfinnarane, 1/3 til institutt og 1/3 til UiB. Bruttoinntekter utover 10 MNOK blir fordelte med 1/6 til oppfinnarane, 1/6 til fakultet, og 1/3 til kvar av institutt og UiB. I tilfelle kor bruttoinntekt er ukjend medan eigarskapen er fordelt, er utgangspunktet tredelingsmodellen.

2.4 Moglege fordelingsnøklar der forskarar samla eller kvar for seg er tilknytt ulike forskingsgrupper, institutt, fakultet eller institusjonar

Problemstillinga gjeld eigarskap til resultat kor eitt eller fleire av følgjande vilkår gjeld:

- (i) resultatet er skapt i arbeidsforhold som omfattar minst to administrative einingar (institutt, fakultet) ved UiB

- (ii) den aktuelle arbeidstakar har to eller fleire arbeidsgivarar, kor UiB er anten hovud- eller side-arbeidsgivar
- (iii) resultatet er skapt i arbeidstilhøve eller prosjektsamarbeid som omfattar to eller fleire (juridiske) hovudarbeidsgivarar.

Generelt, og uavhengig av klassifikasjonen i-iii, skal oppfinningar og andre kommersialiserbare arbeidsresultat som er gjort av tilsatte ved UiB, alltid meldast til UiB via TTO og i form av DOFI (Disclosure of Invention, sjå <https://www.uib.no/med/130162/meld-inn-din-innovasjon-dofi>), slik at UiB får høve til å vurdere kommersialiseringspotensialet til oppfinninga.

Situasjon (i) omhandlar internfordeling av rettar og inntekter mellom einingar på UiB. Det blir lagt til grunn at det potensielt kommersialiserbare resultatet er meldt inn i form av DOFI i tråd med gjeldande regelverk, og at oppfinnargruppa oppgir relative oppfinnarandeler i DOFI-en. Arbeidsgruppa føreslår at fordeling av inntekter etc. mellom dei involverte einingane ved UiB, tek utgangspunkt i summeringa av oppfinnarandeler for kvar eining. Som døme: dersom forskarar A, B, og C har oppfinnarandeler på høvesvis 30, 30 og 40%, og A og B er tilsett ved institutt X medan C er tilsett ved institutt Y, vil fordelinga mellom dei to institutta vere 60% og 40%. Arbeidsinnsatsen som A, B og C legg inn for å vidareutvikle oppfinninga i tida etter innmelding av DOFI, vil gi grunnlag for justeringar. Dersom det finst planar for dette alt ved innmeldingstidspunktet, vil det vere ein føremøn om DOFI-en inneheld avtale om korleis oppfinnarandelane skal endre seg over tid. *Merk at dette føreset at alle som er part i oppfinninga, er einig i modellen som blir lagt til grunn for oppfinnarandeler og signerer DOFI-en.*

Med referanse til situasjon (ii), dersom ein vitskapleg tilsett ved UiB etablerer sidegjere mål hos ein annan arbeidsgivar, skal den tilsatte melde dette skriftleg i Selvbetjeningsportalen i tråd med Sidegjere målreglementet, jf. statsansatteloven § 39a og Universitetsstyresak 93/23. Med bakgrunn i innmeldinga skal den tilsatte og den aktuelle instituttleiar saman identifisere potensielle problemstillingar i forhold til immaterielle rettar.

Motsvarande skal instituttleiar ta initiativ til tilsvarande oppfølgingssamtaler også i det tilfellet at den eigne tilsatte har sidestilling ved UiB og hovudarbeidstilhøve hos ekstern arbeidsgivar. Dersom det blir identifisert behov for regulering av immaterielle rettar, skal det tas kontakt med den eksterne arbeidgivaren med sikte på å etablere ei gjensidig avtale i tråd med UiB sine *prinsipp* (sjå neste avsnitt). Krav om innrapportering av oppfinning via DOFI gjeld utan reservasjon. Dersom det har framkome resultat dels hos ein privat arbeidsgivar og dels i UiB arbeidstid eller ved bruk av andre UiB-ressursar (t.d. areal, instrumentering, material etc.), vil UiB hevde delrettar til resultat.

Prinsipp for fordeling av eigarskap til resultat skapt av arbeidstakar som har to eller fleire arbeidsgivarar:

1. Arbeidsgivarane bør bli einige om reglar for eigarskap til immaterielle resultat før slike resultat oppstår.
2. Dersom det ikkje er overlappende arbeidsinnhald i stillingane, vil eigarskapen følgje stillinga kor resultatet er oppnådd. Ved sidestilling som ikkje inneber forskning, er utgangspunktet at hovudarbeidsgivar eig alle immaterielle rettar. Dette kan fråvikast dersom oppfinninga tydeleg er knytt til annan arbeidsinnsats.
3. Dersom innhaldet i stillingane overlappar, bør arbeidsgivarane avtale eit utgangspunkt for å dele eigarskapen. Eit slikt utgangspunkt kan vere medgått tid som kvar stilling direkte eller

indirekte bidrar med for å nå arbeidsresultatet. I fråver av annan avtale, vil bestemmingar i rammeavtale bli gjeldande, t.d like rettar til dei to arbeidsgivarane.

4. Dersom det ikkje er avtalt regulering av rettar før resultata er skapt, og resultata er skapt på ein slik måte at begge arbeidsgivarane må tilkjennast eigarrettar, skal det inngåast avtale mellom partane som regulerer kommersialiseringsansvar og eventuell overdraging av rettane til éin av partane mot kompensasjon.

Som oppfølging av punkt 1 og 2 over, bør UiB ta initiativ til å etablere **rammeavtaler** med helseføretak og sjukehus som regelmessig opptre i hovud-/sidearbeidsgivarar med UiB. Rammeavtaler må utformast i tråd med pliktene som arbeidstakeroppfinnelsesloven gir arbeidsgivar. Arbeidsgruppa ser klare fordeler med at arbeidsgivarane blir samde om like andelar (50/50-fordeling) både når det gjeld økonomisk ansvar og økonomisk gevinst. Dette fjernar behovet for kompliserte vurderingar om kva som er viktigast av ulike former for bakgrunnskunnskap og innsatsfaktorar, og korleis den detaljerte utviklinga av innovasjonen gjekk føre seg. Ei førehandsavtale om 50/50-fordeling, uavhengig av stillingsprosentar, legg til rette for eit langsiktig og resultatorientert samarbeid. Denne delingsmodellen er enkel og lett å forhalde seg til, og på institusjonsnivå vil venteleg modellen gi ei rimeleg fordeling over tid. Rammeavtaler gir eit utgangspunkt og riktig fokus for å utvikle innovasjonssamarbeidet mellom institusjonar. Det vil framleis vere rom for spesifikk regulering i form av særlege avtaler for enkelte prosjekt, og rammeavtale kan gjerne innehalde malar for dette.

Det kan vere aktuelt å vurdere rammeavtale med deling av immaterielle rettar også med forskingsinstitutt, kor NORCE er vår strategiske partner. Som underlag for alle samarbeidsprosjekt som omhandlar forskning eller innovasjon, skal immaterielle rettar vere regulert gjennom prosjektspesifikke kontraktar. Men det kan oppstå kommersialiserbare, forskningsbaserte idear òg utanfor prosjekt med eksplisitt finansiering og kontrakt, og i slike tilfelle vil ei rammeavtale vere nyttig. Eit potensielt kompliserande forhold er at NORCE og UiB har ulike interne fordelingsmodellar for inntekter frå arbeidsresultat. Dette kan best møtast med tydeleg rammeavtale.


Mange master- og ph.d.-studentar har eksterne medveiledarar, og deler av forskingsprosjekta deira kan gjerne bli utført utanfor UiB. UiB sine malar for phd- og masteravtaler bør tilretteleggast med avtalepunkt om immaterielle rettar. Rammeavtale med helseføretaka og NORCE vil auke kvaliteten av slike avtaler.

Nærings-ph.d.-prosjekt utgjer eit viktig særtilfelle, kor stipendiaten er tilsett i ei privat verksemd og prosjektet vil gjerne ha konkrete forskings- og utviklingmål i form av produkt, tenester eller teknologi som styrker kjerneaktiviteten i verksemda. UiB-tilsatte bidrar med rettleiing, kompetanse, infrastruktur og i varierende grad forskingsinnsats. Dei immaterielle rettane vil i stor grad tilhøyre eksternt selskap, men det kan også vere aktuelt med ein vesentleg UiB-andel. Nærings-ph.d.-ordninga er delvis finansiert av Forskningsrådet og det er derfor krav om utforming av samarbeidsavtale mellom prosjekteigar (privat verksemd) og partnerar (UiB), kor immaterielle rettar blir regulert. Det er viktig at fagmiljøet er involvert i utforminga og kjent med dette punktet. Det blir også inngått bilaterale avtaler om nærings-ph.d.-prosjekt kor den private aktøren fullt ut dekker prosjektkostnader. Også i slike tilfelle skal det utformast samarbeidsavtale kor IPR blir avklart.

Både ved oppdrags- og bidragsfinansert forskning skal UiB sin rett til å bruke resultata til forskning, undervisning og publisering gå fram av kontrakt. Ved oppdragsforskning er hovudregelen at eigedomsretten til forskingsresultata blir overtatt av oppdragsgivar. I alle bidragsfinansierte

forskningsprosjekt skal eigarskap og bruksrett til resultata vere regulert i avtale mellom samarbeidspartnar og UiB. Som utgangspunkt eig kvar prosjektpartnar resultata som dei sjølve skaper i det bidragsfinansierte prosjektet. Som utgangspunkt skal det avtalast at kvar prosjektpartnar har lik rett til resultatet av det dei saman har bidratt med i prosjektet.

Oppsummering og konklusjon: Fordeling av eigarskap til arbeidsresultat følgjer som eit utgangspunkt stillinga der resultatet oppstår. For tilsatte som er knytt til fleire einingar på UiB følgjer eventuelle rettar av oppfinnarandelane til dei tilsatte. I tilfelle der personar har fleire arbeidsgivarar bør partane avtale korleis rettar skal delast. UiB bør vurdere å inngå rammeavtarar om fordeling av immaterielle rettar med partnerane.



Figur 4 Prosessvei frå DOFI til eventuell avklaring av at UiB ikkje vil krevje eigarskap til arbeidsresultat

2.5 Handtering av terminering

I det gjeldande reglementet heiter det at «Dersom universitetet ikke utnytter et forskningsresultat eller viderefører kommersialiseringen av det innen en gitt tidsfrist, kan den ansatte selv utnytte resultatet etter avtale med universitetet.» I slike tilfelle har UiB som politikk å halde fast på dagens tredelingsmodell, dvs. at UiB krev 33 prosent av nettoinntekter også i tilfellet at UiB/TTO ikkje ønskjer å bidra til kommersiell utnytting av det aktuelle forskningsresultatet. I tilsvarende tilfelle krev UiO og UiT 15 prosent av nettoinntekter, medan NTNU avtalar dette i kvart einskilte tilfelle. Det er rimeleg at arbeidsgivar ønskjer eit inntektsrom i lys av at oppfinninga til dels er utvikla i tid og med ressursar frå arbeidsstaden. Vidare kan det vere i oppfinnar si interesse å fortsette utviklinga ved hjelp av tilgang til infrastruktur på arbeidsplassen. Om dette er aktuelt, bør avklarast i avtale mellom arbeidsgivar og oppfinnar, og dette gir rimeleg grunn for at UiB skal hevde ein høgare inntektsandel. Frå oppfinnarhald er det lett å oppfatte det som urimeleg at UiB først klargjer at arbeidsgivar ikkje har tru på det kommersielle potensialet i ei gitt oppfinning, og likevel skal krevje fullt inntektpotensial. Vidare vil truleg UiB sitt inntektskrav gjere det

vanskelegare for oppfinnarane å finne andre interessentar for å finansiere vidareutvikling av oppfinninga.

I lys av drøftinga her, ser arbeidsgruppa behov for ein tydelegare behandlingsveg basert på DOFI, med både veldefinerte hovudreglar og rom for spesifikke avtalar når dette er påkravd.

Etter at ein innovasjon er meldt inn i form av DOFI til TTO, skal aktuell instituttleiari informerast utan opphald, og meldar og instituttleiari skal få tilbakemelding snarast og innan 4 månader. Tilbakemeldinga skal avklare prosessen vidare og kan t.d. vere avgjerd om at UiB/TTO opprettar eit prosjekt med formål å beskytte, vidareutvikle og utnytte innmeld idé, eller at UiB/TTO ikkje ønskjer å gå vidare med ideen med sikte på kommersiell utnytting, eller at TTO skisserer behov og tidsplan for innhenting av ytterlegare informasjon før avgjerd.

Dersom TTO ikkje opprettar prosjekt, skal aktuell instituttleiari vurdere om fagmiljøet, på strategisk grunnlag, ønskjer å vidareutvikle oppfinninga ved UiB. Dersom dét er tilfellet, skal TTO fasilitere prosessen til sjølvkost og med inndekning frå instituttet. Den vanlege inntektsfordelingsmodellen blir lagt til grunn.

Dersom TTO ikkje opprettar prosjekt og UiB v/instituttleiari ikkje ønskjer å vidareutvikle oppfinninga ved UiB, blir eigarskapet til arbeidsresultatet og retten til kommersialisering ikkje overtatt av arbeidsgivar. I slike tilfelle står arbeidstakar fritt til å utnytte arbeidsresultata kommersielt sjølv eller gjennom andre, så langt dette ikkje er i strid med plikter eller avtaler med tredjepart, eller med arbeidstakars andre plikter mot arbeidsgivar.

UiB har ved terminering eller ikkje-overtaking rett til å bruke arbeidsresultata til undervisnings- og forskingsformål utan vederlag, og rett til å vidarelisensiere slik bruksrett til andre ikkje-kommersielle samarbeidspartnarar/institusjonar. Vidare skal det lagast ei avtale mellom UiB og oppfinnar som klargjer føringar med omsyn til bruk/ikkje bruk av arbeidstid, utstyr/labfasilitetar, og andre ressursar frå UiB, samt rapporteringsrutiner og inntekter til UiB frå kommersialisering.

Oppsummering og konklusjon: Dersom TTO ikkje ønskjer å utnytte eit innmeld arbeidsresultat kommersielt, skal aktuell instituttleiari vurdere om instituttet likevel ønskjer å gå vidare med prosjektet. I tilfelle der rettar ikkje blir overtatt, TTO ikkje ønskjer å gå vidare med kommersialisering, eller TTO terminerer prosjektet, kan oppfinnar utnytte resultatet på eiga hand, etter nærare avtale med UiB. I slik avtale skal mellom anna bruk av arbeidstid og ressursar avtalast, og UiB har i alle høve rett til å bruke arbeidsresultatet til vidare forskning og undervisning, utan vederlag.

2.6 Rammer for eigarskap der studentar er involverte i forskingsaktivitetar

Studentar blir her definert som personar med studierett på års-, bachelor-, master- eller profesjonsprogram, eller som er gjeste- eller utvekslingsstudentar ved UiB, men som ikkje er tilsatte ved UiB. I dei fleste tilfelle der ei oppfinning kjem ut av ei studentoppgåve, vil ikkje innsatsen eller bidraget frå studentar vere av ein slik karakter at det vil gje oppfinnerandeler. Dette gjeld særleg der formuleringa av oppgåva er basert på pågåande arbeid i det aktuelle forskingsmiljøet, og der rettleiing frå forskarar frå forskingsmiljøet er det som har tilrettelagt for oppfinninga. Men det er viktig å hugse

at studentar er typisk den svake part i desse forhandlingane, og at dei i nokre tilfelle likevel kan ha rett på oppfinnarandelar.

Eigarskap viser i denne samanhengen til opparbeiding av immaterielle rettार til forskingsbasert innovasjonar og utnytting av desse i kommersielle samanhengar. Den underliggende forskinga kan skje innanfor ramme av det aktuelle studieprogrammet i form av masterprosjekt (30, 45, 60 stp), bachelorprosjekt, eller andre FoU-prosjekt som gir studiepoengutteljing. Men det kan også vere behov for avklaring av eigarskap til innovasjonar som oppstår i studentprosjekt utført utanfor studieprogram, f. eks. med finansiering frå UiB Idé, UiB tidleg idé, eller Innovasjon Norges STUD-ENT.

Spennet i studentinnovasjonsprosjekt er dermed stort, og det må gjerast vurderingar i kvart einskilde tilfelle. I det vidare blir det diskutert for tre vanlege situasjonar.

Døme 1. Studentinnovasjonsprosjekt tett knytt til UiB-forsking.

Karakteristikk: Studentinnovasjonsprosjektet bygger på forskingsbasert IPR ved UiB, er heilt eller delvis formulert av fagpersonar/fagmiljø ved UiB, utfyller eller overlappar med pågåande eller allereie planlagt forskingsaktivitet ved UiB, og blir rettleia og utført innanfor ramma av eit studieprogram.

I dette tilfellet skal rettleiar som tilsett ved UiB, vurdere innovasjonsverdien i lys av krav om innrapportering gjennom DOFI. Ein DOFI bør spesifisere oppfinnarandel for alle som har bidratt til oppfinninga, både tilsatte og studentar, etter ein transparent prosess i forskingsgruppa. Over dei neste åra vil gjerne nye prosjektmedarbeidarar (tilsatte og studentar) vidareutvikle innovasjonen, og dette vil ofte resultere i ny og spissa DOFI. I den nye DOFI-en bør oppfinnarandelar reflektere bidraget til det samla innovasjonen.

Døme 2. Studentinnovasjonsprosjekt med svak tilknytning til UiB-forsking.

Karakteristikk: Studentinnovasjonsprosjekt er frittstående i forhold til studieprogram og er formulert og blir utført på sjølvstendig grunnlag av studentar. Prosjektgruppa har kartlagt nærskyldige immaterielle rettार og den aktuelle innovasjonen har eit avklart forhold til desse. Prosjektgruppa har avtale om mentoring og/eller ressurstilgang hos eit fagmiljø ved UiB, men prosjektet har ikkje overlap med pågåande eller allereie planlagt forskingsaktivitet ved UiB.

I dette tilfellet bør studentane som hovudregel behalde rettane til innovative resultat frå prosjektet. Fagmiljøet ved UiB bør vere forsiktig med å krevje oppfinnarandel, men gjerne bruke prosjektet til å skape positiv publisitet for seg sjølv og UiB og slik bidra til å bygge kulturen for studentinnovasjon ved UiB.

Døme 3. Extra curriculum studentinnovasjonsprosjekt med utgangspunkt i aktuell UiB-forsking.

Karakteristikk: Studentinnovasjonsprosjekt er frittstående i forhold til studieprogram og blir utført på sjølvstendig grunnlag av studentar. Prosjektet bygger på forskingsbasert IPR ved UiB, er heilt eller

delvis basert på idéar formulert av fagpersonar/fagmiljø ved UiB, og overlappar med aktuell forskingsaktivitet ved UiB.

Dette dømet har potensiale til konflikt dersom ein part (studenten) ønskjer å utvikle ein idé som ein annan part (fagmiljøet) kjenner eigarskap til. Dette forholdet bør identifiserast og løysast opp i alt før det føreligg finansiering av studentinnovasjonsprosjektet. Både UiB Idé og STUD-ENT har gode mekanismar for dette gjennom krav til samarbeidsavtale, fagleg mentor, godkjenning frå instituttleiari, og krav om klargjering av eigarskap til teknologien/konseptet/løysinga. Det er viktig at desse mekanismane blir tatt i bruk, og at instituttleiari gjer ei reell godkjenning. Løysingar her kan spenne heilt frå at prosjektet bør skrinleggjast, til at IP rettar blir regulert i samarbeidsavtale, og til at studentprosjektgruppa beheld eigedomsrett til alle resultat som ikkje alt er publiserte/patenterte.

Utover eksempelsamlinga over har arbeidsgruppa nokre gjennomgåande forslag.

Fleire fakultet ved UiB har krav om at det skal inngåast ei skriftleg masteravtale mellom student og institutt. I avtale skal veileदारar oppgis, og det vil vere nyttig at avtala beskriv om masterprosjektet har opphav i og blir gjennomført i ei etablert forskingsgruppe ved UiB, i eit senter (med tilhøyrande avtaleverk), eller i tilknytning til ekstern samarbeidspartner. Vidare bør det klargjerast om prosjektet byggjer på UiB's immaterielle rettar, eller om studenten sjølv har ideen til og gjennomfører masterprosjektet aleine. Mens dét å formulere problemstillinga for eit masterprosjekt og å veilede i gjennomføringa av dette i seg sjølv ikkje genererer immaterielle rettar til resultat frå prosjektet, vil veileदार vanlegvis opparbeide seg oppfinnarandeler gjennom prosjektprosessen, jf Døme 1, over. Masteravtale bør innehalde formuleringar om dette. Tilsvarande kan være aktuelt for bachelorprosjekt.

Eit veileda studentprosjekt kan gjerne inngå som del i eit større prosjekt, som anten er internfinansiert eller er heilt eller delvis finansiert av NFR, EU eller andre finansiørar. Både i prosjekt med ekstern bidragsfinansiering og i sjølvfinansiert prosjekt kor det finst eksterne samarbeidspartnarar, vil det ofte føreligge inngåtte avtaler med krav om at forskingsresultata skal kunne utnyttast av deltakande institusjonar. I slike prosjekt er det derfor behov for ei særleg avtale med den einskilde student som ivaretek forpliktingar som UiB alt har tatt på seg i forhold til eksterne partnerar. Denne særlege avtale bør utformast samstundes med og leggjast ved studenten si veiledningsavtale.

Dét som her er skildra for masterprosjekt, med Døme 1 som rettesnor for å ivareta både tilsatte and studentar sine immaterielle rettar, vil gjelde også i mange andre tilfelle kor studentar og gjestestudentar opparbeider rettar til næringsmessig utnytting av arbeidsresultat som heilt eller delvis baserer seg på immaterielle rettar som tilhøyrer UiB. Aksept for at immaterielle rettar blir forvalta i tråd med UiB sine retningslinjer kan vere ein føresetnad for at studenten får innpass på gitte prosjekt. Den generelle rettesnora er at dersom ein student har bidratt vesentleg til ein ny kommersialiserbar ide (nye immaterielle rettar), skal studenten kompensast på lik line med UiB-tilsatte, gjennom oppfinnarandel som oppgis i DOFI og gjennom inntekt iht. UiB's inntektsfordelingsmodell. Avtalar mellom UiB og (gjeste-)studentar, skal som minimum sikre universitetet rett til å bruke resultat, IP, data og fysisk materiale til kjerneoppgåvene.

Oppsummering og konklusjon: I samband med studentprosjekt som involverer immaterielle rettar eller liknande arbeidsresultat som tilhøyrer tilsatte ved UiB eller institusjonen, skal avklaring av rettar skje gjennom avtale, gjerne gjennom standardiserte avtaler som masteravtale. Studentar har

i utgangspunktet full råderett over sine egne immaterielle verdier, og skal motta godtgjering på linje med tilsatte der dei bidreg til kommersialisering. I prosjekt der UiB er kontraktsforplikta til å ta hand om arbeidsresultat er òg studentar bundne av pliktene. Dette må institusjonen sikre gjennom egne avtaler.

2.7 Innovasjon i høve til UiBs politikk for open vitskap og innovasjon

UiB har ein politikk for open vitskap, sak 101/20 vedtatt av universitetsstyret 24.9.2020 med seinare endringar, sjå <https://www.uib.no/foransatte/139288/politikk-%C3%A5pen-vitenskap-ved-universitetet-i-bergen#-pen-innovasjon>.

Grunnleggjande verdier i denne politikken er openheit, transparens og deling av kunnskap. Eit berande prinsipp i politikken er at forskinga skal vere så open som mogeleg, og så lukka som naudsynt. Forsking og forskingsprosessar skal difor gjerast ope tilgjengelege, med mindre legitime omsyn som tryggleik, personvern, konkurranseomsyn eller juridiske omsyn står i vegen for det.

Når det gjeld open innovasjon skal UiB mellom anna fremje open innovasjon nasjonalt og internasjonalt, nytte verkemiddel for open innovasjon, synleggjere og stimulere denne forma for innovasjon, og inkorporere prinsipp for openheit i eigen organisasjon. Det siste punktet må etter ordlyden òg omfatte reglementet for immaterielle rettar ved UiB.

Men på same tid må UiB òg sjå til at immaterielle rettar blir sikra i opne innovasjonsprosessar.

Både NFR og EU har sikring av retten til arbeidsresultat med i alle sine kontraktar.

EU krev at ein først sikrar eigarskap til arbeidsresultat, og deretter publiserer. Sikring skal vurderast dersom det er ein rimeleg sjanse for at prosjektet kan ha ein kommersiell verdi, og det skal vurderast om det er mogleg, rimeleg og rettferdig å sikre eigarskap til arbeidsresultatet.

Det må vurderast i kvart tilfelle opp mot kva som gjev størst nytte for samfunnet, ut frå dei kriteria som følgjer av politikken til UiB, NFR og EU.

Oppsummering og konklusjon: Det må i kvart tilfelle vurderast om innovasjonen kan kommersialiserast, eller om denne kjem betre til nytte for samfunnet gjennom til dømes open innovasjon. Regelverket må balansere omsyna til kommersiell verdi og samfunnsverdi, og pliktene UiB har til tredjepartar må i alle høve respekterast.

2.8 Sikre at ny politikk og nytt reglement er tydeleg og forståeleg og bidreg til førehandsvisse

Forskningsresultat representerer store immaterielle verdier som kan utnyttast i kommersiell verdiskaping og til gode for samfunnet, og rapporten siktar mot å skape gode rammer for dette ved UiB. Dette skjer i eit landskap kor tilgang til og råderett over forskningsresultat og forskingsmateriale er underlagt regulering i forhold til eksportkontroll, personvern og etikk, for å gi nokre viktige døme, samstundes som UiB har tydelege ambisjonar for open vitskap og innovasjon. Forvaltning av immaterielle rettar må derfor skje på ein heilskapleg måte, kor ulike omsyn blir vurdert og vege mot kvarandre. Dette føreset kunnskap og god rolleforståing hos den einskilde student, forskar og

universitetsleiar, som botnar i at UiB har ein tydeleg og godt kommunisert politikk og, avleidd frå denne, reglement for immaterielle rettar. Mens dette er siktemålet med både forslaget til revidert politikk (denne rapporten) og utkast til endringar i reglementet for immaterielle rettar, tilrår arbeidsgruppa at det i tillegg blir utarbeidd ein oversiktleg og kortfatta rettleiar for heilskapleg forvaltning av immaterielle rettar. Rettleiaren bør skissere landskapet som forvaltning av IPR skjer i, kva rammer som gjeld, gi oversikt over typiske prosessar og vegval, klargjere ulike rollar og gi arbeidsstøtte til kvar rolle, samt gi oppdatert veivisar til det vidare støtteapparatet som UiB rår over.

UiB sin TTO-partner står sentralt som drivar og utøvar i prosessar for kommersialisering av forskingsresultat, gjennom å klarlegge rettar, beskytte innovasjonar med patent, utvikle forretningsstrategiar, utforme prototypar, undersøke marknadspotensial, etablere nye selskap, gjennomføre lisensforhandlingar, gjennomføre sal av IPR, bidra til kapitalinnhenting, og meir. Mens både oppfinnar og instituttleiar er sentrale partar i mange av desse prosessane, har arbeidsgruppa identifisert ei rekke konkrete problemstillingar kor instituttleiar har ei særskilt rolle:

- Val av kommersialiseringsmodell med tilhøyrande prisfastsetjing og økonomiske vilkår skal skje i dialog mellom TTO, idéhavar og instituttleiar.
- Ved innmelding av sidegjere mål skal den tilsatte og instituttleiar saman identifisere potensielle problemstillingar i forhold til immaterielle rettar. Også for tilsatte med sidestilling ved UiB og hovudarbeidstilhøve hos ekstern arbeidsgivar, har instituttleiar ansvar for å avtale/avklare eigedomsrett til IP.
- Etter at ein innovasjon er meldt inn i form av DOFI til TTO, skal aktuell instituttleiar informerast utan opphald og få tilbakemelding snarast og innan 4 månader.
- Dersom TTO ikkje opprettar prosjekt, skal aktuell instituttleiar vurdere om fagmiljøet, på strategisk grunnlag, ønskjer å vidareutvikle oppfinninga ved UiB.
- Studentinnovasjon: I samband med søknad om finansiering (UiB Idé, STUD-ENT) er instituttleiar ansvarleg for at det blir gjort ei reell vurdering av eigarskap til teknologien/konseptet/løysinga.

Medan det er viktig med tydeleg og velkommunisert politikk og reglement for immaterielle rettar, set den store spennvidda blant kommersialiseringsprosjekt fokus på prosjektspesifikke samarbeidsavtaler. FIA har ei heilt sentral oppgåve med utforming av slike avtaler, som både legg grunnlaget for ivaretaking av IPR, og utgjer ein arena for forskarane å bidra til utmeisling av presise avtalepunkt.

2.9 Forslag til revisjon av reglement

Det gjeldande *Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen* (fastsett av Universitetsstyret 1.12.2010, sist endra 23.2.2017) famnar vidt og inkluderer til dømes administrative arbeidsresultat, undervisnings- og formidlingsmaterial, og oppfinningar. Arbeidsgruppa har fokusert på kommersialisering av arbeidsresultat frå forskning og utvikling, og kjem med ei rad forslag til endring i UiB sin politikk på dette området. Implementering av endringsforslaga føreset endringar i Reglementet, og eit utkast til revidert tekst er gitt som eige vedlegg, med tittel *Reglement for immaterielle rettigheter og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen*.

3. Vidare arbeid

Gjennomarbeidde samarbeidsavtaler er eit hovudverktøy for god forvaltning av immaterielle rettar kor tilsatte ved fleire institusjonar på ein eller annan måte bidrar til forskings- og utviklingsarbeidet og opparbeider eigarskap på vegne av seg sjølv og arbeidsgivar. Arbeidsgruppa foreslår at reglement blir koordinert med dei viktigaste samarbeidspartnerane, og at det blir utvikla rammeavtaler mellom UiB og desse, i første rekke helseføretak og NORCE.

Arbeidsgruppa foreslår òg at ein gjennomgår rutineane ved alle institutt for å sikre at både master- og phd-avtaler inneheld avsnitt om immaterielle rettar.

I praktisk forvaltning av immaterielle rettar vil TTO vere ein essensiell utøvande partner for UiB. Det er derfor viktig å ha ein tett dialog med TTO for justering, implementering og gjennomføring av endringar i politikk og reglement for immaterielle rettar som følgje av framlegga som er presentert her.

4. Kjelder

Rettighetspolitikk ved Universitetet i Bergen – Universitetets håndtering av immaterielle rettigheter og andre rettigheter knyttet til resultatene av universitetsansattes arbeid. (2009)

Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen (2010)

Retningslinjer for immaterielle rettigheter – IPR, NTNU, (2021)

Politikk for immaterielle rettigheter – IPR, NTNU, (2021)

Veileder – Forvaltning av intellektuell eiendom i forsknings- og innovasjonsarbeid, (2021)

Politikk for håndtering av immaterielle rettigheter ved Universitetet i Oslo, (2011)

Reglement om sikring og forvaltning av arbeidsresultater ved UiT Norges arktiske universitet, (2022)

Felles rettighetspolitikk for Norges universiteter, styresak 63, 12.06.08, universitetsstyret ved UiB

Åndsverkloven

Arbeidstakeropphinnelsesloven

5. Vedlegg: Utkast til revidert reglement

Reglement for immaterielle rettigheter og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen

Fastsatt av Universitetsstyret 1.12.2010, sist endret i møte ...

1. Formål

Formålet med dette reglementet er å klargjøre hvilken rett universitetet har til å bruke eller utnytte forsknings- og arbeidsresultater frembrakt av ansatte, og gi rammer for slik bruk eller utnyttelse.

Reglementet for håndteringen av rettighetene skal bidra til å:

- sikre at forskernes og institusjonens akademiske frihet ivaretas
- øke bevisstheten om betydningen av de verdiene forskningsresultater representerer
- øke bevisstheten om betydningen av å ta vare på og beskytte de forskningsresultatene som skapes
- skape entydige og forutsigbare rammer for kommersiell eller annen utnyttelse av forskningsbasert innovasjon for egne ansatte og eksterne samarbeidspartnere
- øke mulighetene for effektiv og formålstjenlig utnytting av forskningsresultatene innenfor akademisk, samfunns- og næringsliv

2. Utgangspunkt

Den som skaper et forsknings- eller arbeidsresultat, har i utgangspunktet rettighetene til dette med mindre annet følger av lov, ulovfestet rett, avtale eller dette reglementet. Reglementet regulerer i hvilke tilfeller universitetet som arbeidsgiver har rettigheter til slike forsknings- og arbeidsresultater.

Dersom universitetet inngår avtaler med tredjepart om forskningssamarbeid eller forskningsfinansiering, herunder bidrags- og oppdragsvirksomhet, må ansatte og studenter som deltar i slike prosjekter rette seg etter eventuelle føringer på rettighetsfordelingen som fremkommer i slike avtaler.

Der universitetet har slike rettigheter, skal det sikre at resultatet blir utnyttet til beste for samfunnet. Dette kan være gjennom kommersiell utnyttelse eller ved at det gjøres allment tilgjengelig gjennom åpen innovasjon, der dette er mulig.

3. Hvem omfattes av reglementet?

Reglementet gjelder for alle ansatte ved universitetet og studenter som deltar på kommersialiserbare prosjekt.

For studenter må det inngås særskilt avtale.

For gjesteforskere bør rettighetshåndteringen avklares gjennom egen avtale.

4. Hva omfattes av reglementet?

Reglementet gjelder bare resultater som har sammenheng med arbeidstakerens ansettelsesforhold ved universitetet. Selv om reglementet omfatter alle forsknings- og arbeidsresultater, betyr ikke det at universitetet vil kreve å overta rettighetene til alle resultater

Forsknings- og arbeidsresultater kan i hovedsak grupperes slik (listen er ikke uttømmende):

- Faglitterære fremstillinger (som monografier, lærebøker, vitenskapelige artikler og doktorgradsavhandlinger) og andre litterære og kunstneriske verk
- Administrative arbeider (som utredninger, høringsuttalelser, pensumforslag og undervisningsplaner)
- Undervisnings- og formidlingsmateriale (som muntlige forelesninger, ulike presentasjoner, oppgaver, instruksjonsvideoer og digitale undervisningsopplegg)
- Datamaskinprogrammer
- Kataloger og databaser (utarbeiding av ulike systematiserte samlinger med informasjon eller data)
- Fysisk materiale (ethvert materielt produkt (organisk, uorganisk og biologisk materiale), inkludert substanser, organismer, avlinger og materialer)
- Oppfinnelser
- Knowhow og forretningshemmeligheter

5. Nærmere om håndtering av rettigheter til de ulike resultatene

Faglitterære verk

Som hovedregel kan de ansatte selv bestemme bruken av (som kopiering, arkivering, endring og offentliggjøring) egne faglitterære verk (som monografier, lærebøker, vitenskapelige artikler og doktorgradsavhandlinger). I særlige begrunnede tilfeller kan universitetet få en ikke-eksklusiv, begrenset rett til å bruke slike resultater. Dette gjelder spesielt der universitetet har brukt eller bruker betydelige ressurser i utarbeidingen av disse. Spørsmål om universitetet skal ha slike rettigheter, avklares på forhånd.

Andre litterære og kunstneriske verk

Som hovedregel kan den ansatte selv bestemme bruken av (som kopiering, arkivering, endring og offentliggjøring) egne litterære og kunstneriske verk. I særlige begrunnede tilfeller kan universitetet få en ikke-eksklusiv begrenset rett til å bruke slike resultater. Dette gjelder spesielt der universitetet bruker betydelige ressurser i utarbeidingen av disse. Spørsmål om universitetet skal ha slike rettigheter, avklares på forhånd.

Administrative arbeider

Universitetet har alle rettigheter til administrative arbeider (som utredninger, høringsuttalelser, pensumforslag og undervisningsplaner).

Undervisnings- og formidlingsmateriale

Som hovedregel kan den ansatte selv bestemme bruken av (som kopiering, arkivering, endring og offentliggjøring) eget undervisnings- og formidlingsmateriale.

Universitetet har rett til bruk av slikt materiale dersom:

- det er utarbeidet til generell bruk (standardisert materiale)
- universitetet har bidratt med særskilte ressurser, enten det er i form av penger, teknisk bistand eller øremerket arbeidstid.
- universitetet har bedt en ansatt spesielt om å utarbeide dette undervisningsmaterialet
- universitetet har inngått en avtale med tredjeperson om et bestillingsverk nettopp til bruk i undervisning
- slik bruk er avtalt enten med den som har utarbeidet det eller på annen måte

Vilkår for universitetets bruksrett:

- bruksretten skal ikke gå lengre enn det som kan begrunnes av universitetet ut fra universitetets oppgaver
- bruksretten skal ikke være til hinder for den ansattes egne bruksrettigheter
- den ansatte skal ha rett til å få varsel om eventuelle endringer
- den ansatte beholder sine ideelle rettigheter (rett til å bli navngitt)

Datamaskinprogrammer

Universitetet har rett til datamaskinprogrammer som er utarbeidet av den ansatte, gjennom oppgavene som omfattes av arbeidsforholdet eller etter universitetets anvisninger. Retten skal ikke gå lengre enn det som kan begrunnes i universitetets hovedoppgaver (forskning, undervisning, formidling og innovasjon). Universitetets rett ikke være til hinder for den ansattes egne bruksrettigheter, for eksempel bruk av åpne programvarelisenser (open source).

Kataloger og databaser

Universitetet har enerett til å bruke (ved kopiering, arkivering, endring og offentliggjøring) kataloger og databaser som er blitt til ved en vesentlig investering fra universitetet. Utøvelse av eneretten skal ikke komme i konflikt med prinsippet om akademisk frihet eller være til hinder for at kataloger og databaser kan gjøres offentlig tilgjengelige eller på annen måte stilles til rådighet for forskningsformål. For øvrige kataloger og databaser tilhører eneretten den ansatte som utarbeidet disse, med mindre

- universitetet har bedt en ansatt spesielt om å frembringe katalogen eller databasen
- universitetet har inngått en avtale med tredjeperson om et bestillingsverk
- annet er avtalt

Fysisk materiale

Fysisk materiale som er blitt til ved bruk av universitetets ressurser, er universitetets eiendom og kan fritt brukes av universitetet til undervisnings-, forsknings- og kommersialiseringsformål. Dette gjelder likevel ikke dersom avtale med tredjepart eller andres rettigheter er til hinder for dette.

Den som har frambragt materialet, har

- rett til livslang tilgang og bruk
- rett til å dele materialet med andre (også utenfor universitetet), på følgende vilkår:

1. noe av materialet skal være igjen på universitetet, dvs. man skal normalt ikke tømme kilden;
2. mottaker skal ikke videreformidle materialet til tredjepart uten universitetets godkjenning;
3. fysiske gjenstander kan bare deles med andre til forskningsformål, deling til kommersielle formål krever særlig avtale;
4. at det innhentes undertegnet avtale om bruken av det utleverte materiale (universitetets mal for Material Transfer Agreement) fra mottaker før utsendelse

Oppfinnelser, knowhow og forretningshemmeligheter

Universitetet kan kreve å få overført kommersiell utnyttelsesrett til den ansattes patenterbare oppfinnelser helt eller delvis. Bruken av denne retten skal ikke komme i konflikt med prinsippet om akademisk frihet. Den ansatte står fritt til å prioritere publisering, selv om dette vil kunne hindre mulighetene for kommersialisering. Eventuell utsettelse av publisering for å sikre rettighetene (for eksempel innsendelse av patentsøknad), kan avtales. En ansatt som gjør en oppfinnelse, skal gi skriftlig melding til TTO, jf. arbeidstakeroppfinnelsesloven § 5. Ønske om publisering skal fremgå av meldingen.

Plikten til å melde fra gjelder også for knowhow, forretningshemmeligheter, og annen kunnskap med kommersielt potensiale. Den ansatte plikter å bidra til å sikre slike rettigheter der dette er nødvendig.

6. Generelt om kommersialisering av forsknings- og arbeidsresultater

Kommersialiseringsaktiviteter skal ikke komme i konflikt med prinsippet om akademisk frihet. Den ansatte står fritt til å prioritere publisering og til å velge at resultatet skal gjøres allment tilgjengelig, selv om dette vil kunne komme i konflikt med kommersialiseringsmulighetene.

Alle ansatte skal melde fra til TTO dersom de har ideer og resultater som kan ha muligheter for kommersiell utnyttelse. Etter arbeidstakeroppfinnelsesloven har ansatte en plikt til å melde fra om oppfinnelser og for universitetets ansatte er det TTO som er mottaker av slike meldinger. I henhold til åndsverksloven kan det i visse tilfeller også være meldeplikt for datamaskinprogrammer og databaser. Eksempler på andre resultater som skal meldes, er fysiske gjenstander samt andre ideer med muligheter for kommersiell utnyttelse, og resultater som kan rettighetsbeskyttes, som varemerker og design.

TTO vurderer om kommersialisering av resultatet skal forsøkes. Vurderingen gjøres i dialog med den ansatte. Den ansatte orienterer sin instituttleder om saken når kommersialiseringsprosessen startes.

7. Modell for kommersialisering (lisens, salg, aksjer, aktivitetsplikt)

Kommersialisering vil som utgangspunkt skje ved at en eller flere tredjeparter gis bruksrett til immaterielle verdier eller andre arbeidsresultat i form av en lisens. Kommersialisering kan også skje ved salg av de samme verdiene, ved opprettelse av selskap, eller andre måter.

Ved valg av modell for kommersialisering skal det legges vekt på følgende faktorer (i tilfeldig rekkefølge):

- Verdi
- Samfunnsnytte
- At arbeidsresultatene kommer aktivt i bruk
- At UiBs til enhver tid gjeldende etiske standarder og plikter blir overholdt
- At arbeidsresultatene kommer til nytte i videre forskning og utdanning

I avtaler med tredjeparter skal det legges særlig vekt på å sikre at arbeidsresultatene raskt kommer i aktiv bruk, og ikke blir en del av en passiv patentportefølje eller liknende.

8. Fordeling av inntekt

8.1. Ulike former for inntekt

Ved fordeling av inntekter fra kommersialisering er det bruttoinntekten fra lisensiering, salg eller annen gevinst basert på arbeidsresultatene som er utgangspunktet. Det er altså ikke snakk om bruttoinntektene knyttet til salg av et ferdig produkt, tjeneste eller annet, men bruttoinntektene fra salg av teknologien eller kunnskapen, basert på markedsverdi av disse. Utgifter til kommersialisering, slik som patenteringskostnader, skal dekkes av tilskuddsordninger eller av institusjonen selv. Disse utgiftene skal ikke trekkes fra bruttoinntekten før fordeling av inntekter.

8.2. Fordeling av inntekt mellom parter på samme institusjon

Den ansatte har rett til en rimelig andel av bruttoinntekten fra kommersialisering. Basert på størrelsen på inntektene er fordelingen slik:

- I. For bruttoinntekt opp til 8 ganger grunnbeløpet til folketrygden (ca. 1 million kroner i 2024) blir disse fordelt mellom oppfinnerne.
- II. For bruttoinntekt mellom 8 G og 80 G (ca. 1-10 millioner kroner) får oppfinner 1/3 av inntekten, institutt 1/3 av inntekten, og UiB 1/3 av inntekten.
- III. For bruttoinntekter over 80 G (ca. 10 millioner kroner i 2024) får oppfinner 1/6 av inntekten, mens resterende inntekter blir fordelt med 1/3 til institutt, 1/6 til fakultet og 1/3 til UiB sentralt.

Bruttoinntekt	Fordeling
< 8 G	Hele bruttoinntekten opp til 8 G går til oppfinner.
8 G – 80 G	Bruttoinntekten mellom 8 G og 80 G blir fordelt med 1/3 til hver av oppfinner, institutt og UiB sentralt.
> 80 G	Bruttoinntekten over 80 G blir fordelt med 1/6 til oppfinner, 1/3 til institutt, 1/6 til fakultet og 1/3 til UiB sentralt.

I noen tilfeller er størrelsen på bruttoinntektene ikke kjent ved fordeling. I hovedsak gjelder dette ved oppgjør i form av aksjer, der oppfinner/forsker får overdratt sin andel, mens TTO forvalter aksjer på vegne av institutt og UiB. I slike tilfeller fordeles aksjene eller andre verdier med 1/3 til hver av oppfinner, institutt og UiB, eller etter nærmere avtale.

8.3. Fordeling mellom ulike enheter og arbeidsgivere

I tilfeller der oppfinner er tilknyttet flere enheter ved UiB fordeles eventuelle rettigheter mellom disse basert på stillingsprosenten til den ansatte.

Dersom en person har flere arbeidsgivere følger rettighetene til arbeidsresultatet i utgangspunktet stillingen der resultatet er oppnådd.

I tilfeller der UiB-ansatte har bistilling som ikke innebærer forskning, har UiB i utgangspunktet rett til arbeidsresultatene. Dette kan fravikes i tilfeller der oppfinnelse eller annet arbeidsresultat tydelig er knyttet til annen arbeidsinnsats.

Ved stillinger som er overlappende når det gjelder innhold og innsats må arbeidsgiverne avtale en rimelig fordeling.

Universitetet kan også inngå egne avtaler med samarbeidspartnere. Ansatte må i alle tilfeller overholde kontraktsforpliktelser inngått av UiB.

9. Håndtering av terminering

Dersom TTO eller UiB ikke ønsker å kommersialisere et innmeldt arbeidsresultat, eller dette blir tilbakeført til den ansatte, kan den ansatte utnytte dette videre på egen hånd, etter nærmere avtale med UiB. I slik avtale skal det avtales om eventuell bruk av UiBs ressurser, slik som arbeidstid og infrastruktur. UiB skal i alle tilfelle ha rett til å bruke arbeidsresultatet videre til forsknings-, formidlings- og undervisningsformål, inkludert bruksrett til samarbeidende, ikke-kommersielle institusjoner.

10. Kommersialisering i prosjekt med studenter

Studenter eier selv de resultatene de frembringer som del av studier eller studieopphold ved universitetet dersom ikke annet er avtalt.

Dersom en student ber om det, og universitetet ved TTO etter en kommersiell vurdering av resultatene finner det tjenlig, kan universitetet få overført rettigheter til næringsmessig utnyttelse. Ved slik frivillig overdragelse av rettigheter til næringsmessig utnyttelse, reguleres fordelingen av rettighetene gjennom egen avtale mellom vedkommende student og universitetet ved TTO.

For resultater som er frembrakt av en eller flere studenter og en eller flere ansatte i fellesskap (sameie), har universitet rett til å overta den ansattes andeler i sameiet, i samsvar med lovgivningen, eventuelle inngåtte avtaler og dette reglementet. Studenter som har et ansettelsesforhold ved universitetet, for eksempel i en prosjektstilling eller som vitenskapelig assistent, behandles som andre ansatte når det gjelder resultater som har sammenheng med oppgaver innenfor tilsettingsforholdet.

Studenter på masternivå skal inngå avtale om masteroppgave. I denne avtalen skal det spesifiseres om arbeidet skal gjennomføres i samarbeid med en forskergruppe, i et senter eller med en ekstern samarbeidspartner, og om oppgaven bygger på UiBs immaterielle verdier, eller om studenten gjennomfører oppgaven ut fra egne ideer. Studenten har i utgangspunktet opphavsrett til oppgaven, og dersom veileder eller andre skal være medforfatter eller på andre måter ha immaterielle rettigheter til arbeidsresultatet må dette spesifiseres. Eventuelle rettigheter til patenterbare oppfinnelser eller andre immaterielle verdier må sikres i en egen avtale, som et vedlegg til masteravtalen.

I tilsvarende situasjoner for bacheloroppgaver eller andre studentarbeid må rettighetene avklare på tilsvarende måte.

I eksternfinansierte prosjekter der UiB har inngått avtale om å ha eierskap til immaterielle verdier vil også studenter som deltar på prosjektet være bundet av disse avtalene. I slike tilfeller må studentene fylle ut skjemaet «Aksept av overføring av rettigheter til UiB» før de starter på prosjektet.

Studenter som deltar i kommersialiseringsprosjekter på lik linje med ansatte skal ha tilsvarende kompensasjon. Studenter som gjør oppfinnelser eller skaper andre arbeidsresultat uten at dette bygger på UiBs eller andres immaterielle rettigheter, UiB-ansattes ideer og veiledning, bruk av UiBs ressurser eller liknende, eier selv sine oppfinnelser fullt ut.

UiB skal i alle tilfeller ha rett til å bruke studenters arbeidsresultater, data og fysisk materiale til universitetets sentrale oppgaver, slik som forskning og undervisning.

11. Kommersialisering og åpen vitenskap og innovasjon

Det er viktig at undervisning og forskning fra UiB når ut til hele samfunnet. Forskingen må være så åpen som mulig, og så lukket som nødvendig. Universitetet støtter åpen vitenskap, samt åpen innovasjon. I valget mellom åpen innovasjon og å sikre immaterielle rettigheter skal det legges vekt på om det er mulig å sikre immaterielle rettigheter, og om det er rimelig og rettferdig å sikre eierskap til rettighetene til arbeidsresultatet. Det må i hvert tilfelle avgjøres hvilken løsning som gir størst nytte for samfunnet.

